# Kontrollutvalet

## Møteinnkalling

**Utvalg:** Kontrollutvalet i Tysnes kommune
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Tysnes rådhus
**Dato:** 03.03.2014
**Tidspunkt:** 10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Kari Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til dette møtet har Britt Sørensen Dalsgård meldt forfall. Hans Ole Dalland er innkalla, og vil møta i staden.

Til dei andre varamedlemmane er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Magne Ivar Fauskanger
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

**Saksliste**

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| PS 1/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| PS 2/14 | Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte | | |
| PS 3/14 | Orienteringssak om arbeid med interimsrevisjon 2013 | | 2014/248 |
| PS 4/14 | Orienteringssak om revisjon av stiftingar, fond og legat i Tysnes kommune | | 2014/256 |
| PS 5/14 | Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 | | 2014/245 |
| PS 6/14 | Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016 | | 2014/246 |
| PS 7/14 | Møteplan for kontrollutvalet 1. halvår 2014 | | 2014/250 |
| PS 8/14 | Meldingar | | |
| RS 1/14 | Budsjett 2014 Tysnes kommune | | 2014/248 |
| RS 2/14 | Budsjett - rekneskap KUV 2013-2014 | | 2014/247 |
| RS 3/14 | Reglement for finansforvaltning - sak til KST 18.02.14 | | 2014/248 |
| PS 9/14 | Gjennomgang av møteprotokollar | | 2014/249 |
| PS 10/14 | Eventuelt | | |

PS 1/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/14 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216

Arkivnr: 2014/248-2

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Tysnes kommune | 3/14 | 03.03.2014 |

# Orienteringssak om arbeid med interimsrevisjon 2013

Bakgrunn for saka:

Rekneskapsåret vert til vanleg delt i to. Fram til revisjonsmelding vert levert, med frist 15.04, er det rekneskapsrevisjon som er hovudaktivitet. På hausten / slutten av året er det arbeid med interimsrevisjon som er ein sentral aktivitet.

Det føreligg nå ein presentasjon med oppsummering av arbeidet med interimsrevisjon. Revisor vil gjennomgå presentasjonen i møte.

## Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- Oppsummering interimsrevisjon 2013.

# Tysnes kommune

## Kontrollutvalsmøte 3.3.2014

Oppsummering interimrevisjon 2013

# Agenda

- ✓ Gjennomgang av hva som er gjennomgått i interimrevisjonen høsten 2013

- ✓ Resultat av interimrevisjonen høsten 2013

© 2014 Deloitte AS

# Risiko






© 2014 Deloitte AS

# Revisjonshandlinger i interim knyttet til risikovurdering

## Inntekter

- Gjennomgang av rutiner for utfakturering
- Test av detaljer
  - Andre overføringsinntekter
  - Salgs- og leieinntekter
  - Eiendomsskatt

## Innkjøp

- Gjennomgang av rutiner
- Kontroll av rutiner
- Stikkprøvekontroll av bilag både for drift og investering

## Lønn

- Gjennomgang av rutiner
- Data i pensjonsordninger
- Reiseregninger

© 2014 Deloitte AS

# Revisjonshandlinger i interim knyttet til risikovurdering

## Kundefordringer

- Samsvar mellom reskontro og regnskap

## Verdipapirer

- Endringer fra 2012?
- Er verdipapirer I henhold til finansreglement?

© 2014 Deloitte AS

# Resultat av interimrevisjonen høsten 2013

## Rutiner

- Skriftlige lønnsrutiner er utarbeidet i 2013
  - Disse er kontrollert og fungerer tilfredsstillende

## Lønn

- Pensjonsdata
  - Kostnader til pensjon og balanseført pensjonsforpliktelse baserer seg på inndata sendt fra kommunene til pensjonsselskapene. Datagrunnlaget er kontrollert uten at det er funnet avvik

## Inntekter

- Detaljkontroller avdekket ingen feil


© 2014 Deloitte AS

# Resultat av interimrevisjonen høsten 2013

## Rutiner

- Det er ikke utarbeidet skriftlige rutiner for utfakturering
  - Spesielt en svakhet ved fravær hos nøkkelpersoner

## Lønn

- Reiseregninger
  - Noen mangler knyttet til formelle krav til reiseregninger
    - ❖ Enkelte av de kontrollerte reiseregningene mangler signatur fra den «reisende»
    - ❖ Enkelte av de kontrollerte reiseregningene er ikke attestert

## Utgifter

- Enkelte utgifter er for dårlig dokumentert
  - Dette gjelder særlig i tilfeller med fordeling av felleskostnader og interne kostnader. Underdokumentasjon i regnskap består kun av utskrift fra excel. Her bør det henvises til original dokumentasjon


© 2014 Deloitte AS

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

This communication contains general information only, and neither Deloitte AS nor Deloitte Advokatfirma AS is, by means of this publication, rendering professional advice or services and shall not be responsible for any loss whatsoever sustained by any person who relies on this communication.

© 2014 Deloitte AS

Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 601

Arkivnr: 2014/256-6

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Tysnes kommune | 4/14 | 03.03.2014 |

# Orienteringssak om revisjon av stiftingar, fond og legat i Tysnes kommune

## Bakgrunn for saka:

Det har vore reist spørsmål frå Tysnes kommune si side om korleis kostnad med revisjonsarbeid når det gjeld legat, stiftingar og fond i kommunen skal dekkast. Spørsmålstillinga som har kome opp er om slikt arbeid kjem inn under revisjonsavtalen som er inngått med Deloitte, om det kan reknast som del av kommunerekneskapen, eller om dette er arbeid som kjem utanom revisjon av kommunerekneskapen.

Tysnes kommune har ei rekkje legat som økonomikontoret i kommunen fører rekneskap for:

- Agnes og Olav Berges legat
- Anna og Sara Hegglands legat
- Cecilia Hellands legat
- Fondet til Tysnes Herreds vel
- Fogd Ole Vidsteen og frues legat
- Ingemar Olsen Anuglen og hustrus legat

Det er det første, Agnes og Olav Berges legat, som spørsmålstillinga om dekking av revisjonskostnader er drøfta ut ifrå. Sekretariatet hadde møte med Deloitte 24.01.14, der dette vart drøfta ut frå kva som ligg inne i revisjonsavtalen og regelverket kring legat, stiftingar og fond. Revisor Bjarne Ryland sende mail etter møtet som viser kva som vart konklusjon ut frå drøftinga:

> *«Etter å ha gjennomgått revisjonsavtalen mellom Tysnes Kommune og Deloitte er Deloitte og sekretariatet enige om at Olaf Berges og Agnes Berges Stipendiefond ikke omfattes av denne avtalen.*
>
> *Bakgrunnen for denne konklusjonen er at revisjonsavtalen omfatter virksomheter og aktiviteter som inngår i Tysnes kommune. Olaf Berges og Agnes Berges Stipendiefond er en privat stiftelse og aktiviteten kan ikke sies å være en del av kommunens aktivitet.»*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Oppsummering:
Saka vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering.

## Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonene til orientering

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217

Arkivnr: 2014/245-1

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Tysnes kommune | 5/14 | 03.03.2014 |

# Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016

Bakgrunn for saka:
I samband med at plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016 vart handsama i kommunestyret 19.06.12, vart det gjort m.a. slikt vedtak:

Plan for forvaltningsrevisjon:
*"Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa."*

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i sak 29/13 i møte 18.11.13:

- *«Kontrollutvalet vil gjennomføra prosjekt med å evaluera dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.*
- *Deloitte vert beden om å utarbeida forslag til ein enkel prosjektplan for gjennomføring, som viser timeramme for arbeidet. Prosjektplanen skal leverast innan 05.12.13. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen / timeramma.*
- *Når prosjektplanen er godkjent vert Deloitte i neste møte beden om å gjennomføra ein prosess med evaluering av planane saman med kontrollutvalet, med fokus på risiko og vesentlighet for aktuelle prosjekt.*
- *Deloitte utarbeider deretter eit dokument som oppsummerar kontrollutvalet sine vurderingar, og at dette vert eit tilleggsdokument for eksisterande planar. Dei justerte planane vert oversendt kommunestyret til orientering.*
- *Kontrollutvalet vert også beden om å tenkje i gjennom til neste møte, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i kommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planane.»*

Forslag til prosjektplan er motteke frå Deloitte. Utvalsleiar i samråd med sekretariatet har gjennomgått prosjektplanen, og funne at den er i tråd med bestillinga frå kontrollutvalet. Det er såleis sendt stadfesting til Deloitte 10.12.13 om at arbeidet med å evaluera planane kan starte opp.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Drøfting.
Det er avtala med Deloitte at dei skal ta utgangspunkt i gjeldande plan. På bakgrunn av dette skal dei i møte gjennomføre ei ny risikovurdering i ein prosess saman med kontrollutvalet etter ein eigen metodikk. Her vert planen revurdert og det vert ev. lagt til nye prosjekt frå kontrollutvalet. Desse vert vurdert i prosessen saman med dei andre prosjekta i planen. Deloitte vil før møtet også vurdere gjeldande plan opp mot dei endringar som ligg føre i KOSTRA tala.

Godkjend plan ligg ved som vedlegg til saka.

## Forslag til vedtak

1. Deloitte redigerer Plan for forvaltningsrevisjon i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Planen skal leggast fram for godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.
3. Deretter vert planen å senda til kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:
- Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016
- Prosjektplan for rullering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll

Deloitte.

# Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016
# Tysnes kommune.

# Innhald

**1. Innleiing ..... 3**

1.1 Plan for forvaltningsrevisjon 3
1.2 Risiko- og vesentleganalyse 3

**2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012-2016 ..... 4**

2.1 Gruppe 1 – prioritert gruppe 4
2.2 Gruppe 2 – uprioritert gruppe 5

**3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon ..... 6**

**4. Gjennomføring og rapportering ..... 6**

# 1. Innleiing

I følgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. [1] Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegner av kontrollutvalet.

> Forskrift om revisjon § 7 om forvaltningsrevisjonens innhold:
>
> *Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om*
>
> *a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
> *b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
> *c) regelverket etterleves,*
> *d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
> *e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
> *f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal framkome i ein plan for forvaltningsrevisjon.

## 1.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

> «Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.
>
> Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.»[2]

## 1.2 Risiko- og vesentleganalyse

Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen er å framskaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser "risiko" til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar

[1] Kommuneloven § 77. Kontrollutvalget
[2] Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 10

som kommunen har sett for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av kommunen sine tenesteområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva områder dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.[3]

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse.
- Prosessmøte i kontrollutvalet.
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i kommunen.
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

Data som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Analysen er samla i eit arbeidsdokument/ analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

# 2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012-2016

Under følgjer prosjekta som er prioritert i tråd med risiko- og vesentleganalysen.

Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

## 2.1 Gruppe 1 – prioritert gruppe

| Prioritet | Prosjekt | Tema |
|---|---|---|
| 1 | **Forvaltningsrevisjon av helse- og sosialtenesta** | - Intern kontroll<br>- System og rutinar<br>- Arbeidsmiljø<br>- Samhandling<br>- Rekruttering |
| 2 | **Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning** | - System og rutinar<br>- Regeletterleving<br>- Samarbeid med helsestasjon |
| 3 | **Forvaltningsrevisjon av landbruk og teknisk etat** | - Intern kontroll<br>- Organisering<br>- Samhandling |

[3] For ein nærare presentasjon av overordna analyse, sjå "Kontrollutvalsboka" (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengeleg på http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129)

| | | |
|---|---|---|
| | | - Sakshandsamingstid<br>- Regeletterleving |
| **4** | **Forvaltningsrevisjon av barneverntenesta** | - Organisering<br>- Bemanning og kompetanse<br>- Regeletterleving<br>- Samhandling |
| **5** | **Forvaltningsrevisjon av intern kontroll** | - System og rutinar<br>- Arbeidsmiljø<br>- Samhandling |

## 2.2 Gruppe 2 – uprioritert gruppe

| Prosjekt | Tema |
|---|---|
| **Forvaltningsrevisjon av rekruttering og kompetanse** | - Rekruttering<br>- Kompetanseprofil<br>- Bruk av vikarar<br>- Sjukefråvær<br>- |
| **Forvaltningsrevisjon av økonomistyring** | - Budsjettering<br>- Oppfølging<br>- Rapportering<br>- |
| **Forvaltningsrevisjon av psykisk helsearbeid** | - Regeletterleving<br>- Organisering<br>- Samhandling<br>- Samansette problem (rus)<br>- |
| **Forvaltningsrevisjon av helsestasjonstilbodet** | - Tilbod på skulane<br>- Samhandling<br>- Regeletterleving<br>- Utarbeiding av IP |
| **Forvaltningsrevisjon av bustadtilbodet til vanskelegstilte** | - Tilbod<br>- System og rutinar<br>- Regeletterleving |

# 3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapeleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Mogelege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

# 4. Gjennomføring og rapportering

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium[4] ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einskilde prosjekta.

Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon blir lagt fram for kommunestyret. I tråd med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet utarbeide ein rapport til kommunestyret om kva forvaltningsrevisjonar som er gjennomførte og om resultata av desse. Kontrollutvalet oppfyller dette rapporteringskravet gjennom si årlege melding til kommunestyret om utvalet si verksemd. Det er også kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgde opp.

Kontrollutvalet vil kome attende til tidsplan for gjennomføring av dei einskilde prosjekta.
Dersom føresetnadene skulle endre seg, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden. Årsaka til slike eventuelle endringar blir rapportert til kommunestyret i kontrollutvalet si årsmelding.

[4] Normer og standarder som forvaltningen blir vurdert i opp mot (vedtak, regelverk, mål)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.
Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.
© 2011 Deloitte AS

Deloitte.

Prosjektplan | Tysnes kommune

# Rullering plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll

Audit.Tax & Legal.Consulting.Financial Advisory.

Member of
**Deloitte Touche Tohmatsu**

Medlemmer av Den Norske Revisorforening
org.nr: 980 211 282

# Innhald

**1 Innleiing ..... 3**

**2 Plan for forvaltningsrevisjon ..... 3**

**3 Plan for selskapskontroll ..... 4**

**4 Endringar i risikobilete ..... 4**

4.1 Notat ..... 5
4.2 Metode ..... 4
4.2.1 Dokumentanalyse ..... 4
4.2.2 Intervju ..... 4
4.2.3 Kostra-tal ..... 5
4.2.4 Prosessmøte med kontrollutvalet ..... 5

**5 Tid og ressursbruk ..... 5**

5.1 Nøkkelpersonell ..... 5
5.2 Tidsbruk ..... 5

# 1 Innleiing



Som eit grunnlag for arbeidet med revisjon og kontroll i kommunen, har kommunestyret vedtatt ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll.

Det er viktig at planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll blir rullert i løpet av fireårsperioden planane gjeld for. Dette for å sikre at forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar som blir gjennomført speglar dei mest vesentlege risikoområda i kommunen si verksemd og for kommunen sine eigarskap.

Rullering av planane vil ta utgangspunkt i den overordna analysen som blei gjennomført i kommunen i 2011/2012. Revisjonen vil i samband med rulleringa av planar undersøke om det er vesentlege endringar i risikobilete som fører til at prosjekt bør omprioriterast eller om nye prosjekt bør kome til i planane.

# 2 Plan for forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader, under dette å:

- vurdere om forvaltninga løyser oppgåver i samsvar med kommunestyrets vedtak og føresetnader
- vurdere om ressursbruken og verkemidla til forvaltninga er effektive i forhold til måla som er sette på området
- vurdere om regelverket vert etterlevd
- vurdere om styringsverktøya som kommunen nyttar er hensiktsmessige
- vurdere om avgjerdsgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa er tilstrekkeleg utgreidde
- vurdere om resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets føresetnader og/eller om resultata for verksemda er nådde[1]

Kontrollutvalet er ansvarleg for å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og for å bestille forvaltningsrevisjonsprosjekt.

I forskrift om kontrollutval går det fram:

> ”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.”[2]

[1] Forvaltningsrevisjon er regulert i forskrift om revisjon av kommuner § 7. Se også http://www.revisorforeningen.no/a9497096/forvaltningsrevisjon
[2] Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 10

# 3 Plan for selskapskontroll

I følgje forskrift om kontrollutvalg § 13 andre ledd skal kontrollutvalget påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m. I følgje forskrifta skal:

> ”Kontrollutvalget ... minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.” [3]

Selskapskontroll skal sjå til at kommunen fører kontroll med sine eigarinteresser og at dei som utøver kommunane sine eigarinteresser i selskap gjer dette i samsvar med den aktuelle selskapslovgjeving (t.d. aksjelova) og kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Selskapskontroll kan også omfatte forvaltningsrevisjon dersom ein finn det naudsynte for å gjere nærare undersøkingar i utvalte selskap.

# 4 Endringar i risikobilete

Det er eit krav om at plan for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse:

> ”Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

Gjennom den overordna analysen som blei gjennomført i 2011/2012 blei det innhenta relevant informasjon om verksemda til kommunen og om kommunen sine eigarskap. Den overordna analysen hadde som føremål å avdekkje risikoområde i forvaltninga og knytt til kommunane sine eigarskap, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I samanheng med overordna analyse viser ”risiko” til sannsynet for og konsekvensane av at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, politiske vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda og selskap kommunen har eigarskap i.

For å sikre at plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll speglar dei mest vesentlege risikoområda i forvaltninga og ved kommunen sine eigarskap vil revisjonen gjennomføre ei undersøking for å avdekkje eventuelle endringar i risikobilete.

## 4.1 Metode

### 4.1.1 Dokumentanalyse

Revisjonen vil gjennomgå siste årsmelding frå kommunen og nokre andre sentrale dokument som vil kunne gje eit oversyn eventuelle endringar i kommunen si verksemd. Revisjonen vil også undersøke om det har vore endringar i kommunen sine eigarskap[4] og i risikobilete her.

### 4.1.2 Intervju

Revisjonen vil gjennomføre intervju med rådmann og eventuelt andre utvalte administrative leiarar i kommunen. Intervjua vil mellom anna byggje på dei opplysningane som er komne fram gjennom dokumentasjonsanalysen. Revisjonen vil gjere 1-3 intervju i samband med prosjektet (avhenger mellom anna av kor utfyllande informasjon rådmann kan gje om dei ulike områda).

[3] FOR-2004-06-15-905 Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner
[4] Revisjonen tar her atterhald om at informasjonen er offentleg tilgjengeleg på www.ravninfo.no.

#### 4.1.3 Kostra-tal

Revisjonen vil gjennomføre ein kort gjennomgang av Kostra-tal for utvalte kommunale tenesteområde, for å undersøke om det er vesentlege endringar i oppdaterte tal for 2012.

#### 4.1.4 Prosessmøte med kontrollutvalet

Føremålet med prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege rullering av planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Notatet som er utarbeidd på bakgrunn av revisjonen sine undersøkingar vil bli lagt fram for kontrollutvalet og utgjere grunnlag for diskusjonen i møtet.

### 4.2 Notat

Revisjonen vil utarbeide eit notat som vil bli lagt til grunn for rullering av plan for forvaltningsrevisjon og eit notat som vil liggje til grunn for rullering av plan for selskapskontroll. Notata vil gje kontrollutvalet grunnlag for å diskutere rekkjefølgje eller føye til nye forvaltningsrevisjonsprosjekt og selskapskontrollar i planane. I notatet vil det gå fram kva endringar i risikobilete som revisjonen har avdekka gjennom denne undersøkinga.

## 5 Tid og ressursbruk

### 5.1 Nøkkelpersonell

Oppdragsansvarleg partner for prosjektet vil vere **Stein Ove Songstad**, cand. jur og Master of management. Songstad skal syte for at prosjektet til ei kvar tid er tilstrekkeleg bemanna og følgjer oppsett plan for tidsbruk.

Seniorkonsulent **Stine Karoline Olsen** vil vere prosjektleiar, og vil stå for den daglege styringa av prosjektet. I tillegg vil seniormanager **Birte Bjørkelo** vere ansvarleg for kvalitetssikring.

### 5.2 Tidsbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin art og den planen som er lagt for gjennomføring, er det stipulert at det vil ta om lag 25 timar å gjennomføre prosjektet. Oppstart av prosjektet vil skje så snart revisjonen mottar bestilling frå kontrollutvalet. Prosessmøte med kontrollutvalet vil bli gjennomført etter nærare avtale. Kontrollutvalet vil få oversendt reviderte planar etter gjennomført prosessmøte. Tidspunkt vil bli avtala med kontrollutvalet.

Fakturering av kostnadene ved prosjektet vil skje i høve til avtale.

Bergen, 05.12.2011

Stein Ove Songstad, oppdragsansvarleg partner

Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216

Arkivnr: 2014/246-1

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Tysnes kommune | 6/14 | 03.03.2014 |

# Evaluering av plan for selskapskontroll 2012 - 2016

Bakgrunn for saka:
I samband med at plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016 vart handsama i kommunestyret 19.06.12, vart det gjort m.a. slikt vedtak vedr. evaluering av planen:

Plan for selskapskontroll:
*"Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa."*

På bakgrunn av dette gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i sak 29/13 i møte 18.11.13:

- *«Kontrollutvalet vil gjennomføra prosjekt med å evaluera dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.*
- *Deloitte vert beden om å utarbeida forslag til ein enkel prosjektplan for gjennomføring, som viser timeramme for arbeidet. Prosjektplanen skal leverast innan 05.12.13. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariat får fullmakt til å godkjenna prosjektplanen / timeramma.*
- *Når prosjektplanen er godkjent vert Deloitte i neste møte beden om å gjennomføra ein prosess med evaluering av planane saman med kontrollutvalet, med fokus på risiko og vesentlighet for aktuelle prosjekt.*
- *Deloitte utarbeider deretter eit dokument som oppsummerar kontrollutvalet sine vurderingar, og at dette vert eit tilleggsdokument for eksisterande planar. Dei justerte planane vert oversendt kommunestyret til orientering.*
- *Kontrollutvalet vert også beden om å tenkje i gjennom til neste møte, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i kommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planane.»*

Forslag til prosjektplan er motteke frå Deloitte. Utvalsleiar i samråd med sekretariat har gjennomgått prosjektplanen, og funne at den er i tråd med bestillinga frå kontrollutvalet. Det er såleis sendt stadfesting til Deloitte 10.12.13 om at arbeidet med å evaluera planane kan starte opp.

Drøfting.
Det er avtala med Deloitte at dei skal ta utgangspunkt i gjeldande plan. På bakgrunn av dette skal dei i møte gjennomføre ei ny risikovurdering i ein prosess saman med kontrollutvalet etter ein eigen metodikk.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Her vert planen revurdert og det vert ev. lagt til nye prosjekt frå kontrollutvalet. Desse vert vurdert i prosessen saman med dei andre prosjekta i planen. Deloitte vil før møtet også vurdere gjeldande plan opp mot dei endringar som ligg føre i KOSTRA tala.

Gjeldande plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016 ligg som vedlegg til saka.

## Forslag til vedtak

1. Deloitte AS redigerer Plan for selskapskontroll i tråd med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Planen skal leggast fram for godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.
3. Justert plan for selskapskontroll vert deretter oversendt kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- Plan for selskapskontroll 2012 - 2016

Deloitte.

# Plan for selskapskontroll 2012 – 2016
Tysnes kommune.

# Innhald

**1. Innleiing ..... 3**

1.1 Plan for selskapskontroll 3
1.2 Former for selskapskontroll 4

**2. Risiko- og vesentleganalyse ..... 4**

**3. Oversikt over selskap ..... 5**

3.1 Oversikt over selskap innanfor § 80 5
3.2 Oversikt over selskap utanfor § 80 5

**4. Prioriterte prosjekt for selskapskontroll i planperioden ..... 6**

**5. Metode for gjennomføring av selskapskontroll ..... 7**

**6. Rapportering ..... 7**

# 1. Innleiing

I følgje kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser.

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 14 står det:

> *Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.*

Planen for selskapskontroll er basert på ein risiko- og vesentleganalyse som blei gjennomført i 2012.

## 1.1 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal det;

> ”(..) minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert”.

Kommunestyret vedtar planen, medan kontrollutvalet bestemmer kven som skal gjennomføre selskapskontrollen.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommuneloven § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap kommunen eig åleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret og omfatte selskap og verksemder som ikkje kjem inn under § 80. Dette er:

- selskap der kommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.

## 1.2 Former for selskapskontroll

**Obligatorisk eigarskapskontroll**

Eigarkontrollen kan omfatte:

- Kontroll ved selskapsetablering.
- Kontroll av at kommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa.
- Kontroll av at eigarskapa er forsvarleg i høve til føremål og type verksemd.
- Kontroll av at eigarrepresentantar har tilstrekkeleg kompetanse.
- Kontroll av at selskapa kommunen har eigarinteresser i følgjer aktuelle verksemdlover og anna relevant lovgjeving.
- Kontroll av at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser opptrer i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader.

**Valfri forvaltningsrevisjon**

Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men kommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom dette er relevant. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

# 2. Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. I forhold til risiko er det spesielt desse forholda som er vurdert:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor vesentleg det er å gjennomføre kontroll for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv blir lagt til grunn for ei slik vurdering:

1. Fokus på brukarperspektivet.
2. Fokus på økonomiske interesser for kommunen.

Datainnsamlinga som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalysen, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokumentgjennomgang
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen

Data som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risiko-områda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit arbeidsdokument/ analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.

# 3. Oversikt over selskap

Under følgjer ei oversikt over selskap Tysnes kommune har eigarskap i. Oversikta er basert på informasjon frå kommunen. Selskapa er presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap, og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar).

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Dvs. at det er innslag av private eigardelar o.l. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av representantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapportering frå selskapet samsvarar med retningsliner o.l.

## 3.1 Oversikt over selskap innanfor § 80

| Selskap | Føremål[1] | Eigardel |
|---|---|---|
| **Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS** | Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing. | 12,5 % |
| **Sunnhordaland Interkommunale Miljøverk IKS** | 1) Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane. 2) Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall . 3) Selskapet skal der dette er naturleg, søkje å etablere samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning. 4) Selskapet har ikkje erverv til føremål. | 5,13 % |
| **SIM Næring AS (dotterselskap SIM IKS)** | Verksemd innan miljø- og avfalls- sektoren samt verksemd som det er naturleg å engasjera seg i. Og skal herunder: - Byggja på høg miljøkunnskap og gje gode, miljørette og effektive tilbod. - Arbeida for auka ombruk og attvinning av næringsavfall. Selskapet kan der dette er føremålstenleg samarbeida med eller ta del i andre verksemder som har same eller liknande føremål. | |
| **Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS** | Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forsking og andre administrative og kulturelle formål, jfr. lov om arkiv § 6. | 1,97 % |

## 3.2 Oversikt over selskap utanfor § 80

| Selskap | Føremål[2] | Eigardel |
|---|---|---|
| **Tysnes Industri AS** | Skape varige arbeidsplassar for yrkeshemma med så låg arbeidsevne at dei ikkje kan gjera seg nytte av andre arbeidstilbod. Verksemda skal produsere varer og tenester for lokal industri, utvikling og produksjon av varer og tenester som kan seljast på den vanlege marknaden og handel. Selskapet sitt overskot skal vera i verksemda og disponerast til føremål som styrkjer drifta framover. | 67,11 % |
| **Sunnhordaland Sambandet AS (tidlegare Tysnesbrua AS)** | Arbeida for at ein ferjefri veg mellom Stord og Bergen med bru over Langenuen kjem med i NTP. Når Sunnhordlandsambandet er komen inn i NTP, skal selskapet arbeida for at Sunnhordlandsambandet blir realisert. | 9,17 % |
| **Våge Hamn AS** | Kaiutleige med tilhøyrande verksemd. | 9,90 % |

[1] Nokre av selskapa sine føremål er korta ned i denne tabellen.
[2] Nokre av selskapa sine føremål er korta ned i denne tabellen.

| | | |
|---|---|---|
| **SIM Tankrenovasjon AS (dotterselskap av SIM Næring AS)** | Selskapet si verksemd er knytt til renovasjon, samt delta i andre føretak som driv tilsvarende verksemd. | |
| **Sunnhordland Industri AS** | Gjennom fabrikasjon og anna næringsverksemd skapa grunnlag for sysselsetting av yrkesvalhemma og mindre arbeidsføre. | Ukjent |
| **Fjord Norge AS** | Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det skal særleg arbeidast med sesongutviding. | Ukjent |
| **Sunnhordland Bru- og Tunnelselskap AS** | Arbeida for realisering av planar om køyrbart samband mellom Bømlo, Stord og Sveio. | Ukjent |
| **Reisemål Sunnhordland AS** | Namn ikkje registrert i RAVN Bedriftsinfo. | Ukjent |
| **Bladet Tysnes AS** | Gje ut bygdebladet Tysnes. Tysnes skal fyrst og fremst vera eit bygdeblad og ei lokalavis for folk busette i Tysnes kommune og distriktet ikring, men og eit kontaktledd for utflytte tysnesingar og eigarar av fritidseigedomar i Tysnes. | Ukjent |
| **Onarheim Vassverk L/L** | Hovudvasskjelde Lauvåsvatnet. Ca. 260 abonnentar. | Ukjent |
| **Tysnes Vassverk** | Hovudvasskjelde i Vågstjørnet.<br>Ca. 400 abonnentar. | Ukjent |
| **Uggdal Vasslag BA** | Hovudvasskjelde Stora Laugo.<br>Ca. 215 abonnentar. | Ukjent |
| **Biblioteksentralen AL** | Vere eit serviceorgan for alle typar offentlige bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vere hovudleverandør av produktet og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. | Ukjent |
| **Tysnes Kraftlag SA** | Syta for elektrisk kraft til Tysnes herad. | |
| **Tysnes Breiband AS (dotterselskap av Tysnes Kraftlag SA)** | Verksemd er bygging og drift av infrastruktur innan kommunikasjon, og samarbeid med andre aktørar innan kommunikasjon, slik at Tysnes kommune får ei akseptabel kommunikasjonsveg i kommunen og mot resten av samfunnet for privat- og næringslivskundar. | |

# 4. Prioriterte prosjekt for selskapskontroll i planperioden

Kontrollutvalet har vurdert og prioritert dei ulike områda, og avgjort rekkefølgja for selskapskontrollprosjekt i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet vil elles, ut frå ei risiko- og vesentlegvurdering, velje ut selskap som dei ønskjer å kontrollere undervegs i perioden.

Omfanget av kontrollen i det enkelte selskap vil variere avhengig av størrelse og kompleksitet og eventuelt samarbeid med andre medeigar kommunar/fylkeskommunar.

Eventuell forvaltningsrevisjon i selskap blir vurdert av kontrollutvalet etter at obligatorisk eigarskapskontroll er utført og/eller der analyser eller andre indikasjonar syner at det kan vere aktuelt.

| Prioritet | Prosjekt |
|---|---|
| **1** | **Eigarstyring** |
| **2** | **Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS** |
| **3** | **Tysnes industri AS** |

# 5. Metode for gjennomføring av selskapskontroll

Kontrollutvalet vil i kvart einskild tilfelle avgjere kva metode som skal nyttast i selskapskontrollen innanfor dei rammer som følgjer av lovgjeving og forskrifter.

# 6. Rapportering

Kontrollutvalet vil i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 15 rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomført og resultata av desse.

Dersom føresetnadene skulle endre seg, eller dersom kontrollutvalet ønskjer fleire kontrollar, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.com/no/omoss for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.
Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.
© 2012 Deloitte AS

Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033

Arkivnr: 2014/250-1

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Tysnes kommune | 7/14 | 03.03.2014 |

# Møteplan for kontrollutvalet 1. halvår 2014

Drøfting:
Kontrollutvalet må setja opp ein møteplan for å tilpassa saker som evnt. skal vidare til formannskapet og kommunestyret. Sekretariatet legg fram forslag til møteplan for resten av vårhalvår 2014. Kontrollutvalet vert herved innvitert til å planlegga utvalsmøter vårhalvår 2014.

| Utkast til møteplan for kontrollutvalet: | Aktuelle saker å ta opp: | Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til: | |
|---|---|---|---|
| | | Formannskapet | Kommunestyret |
| 03.03.2014 | Noverande møte.<br>- Prosess med evaluering planar | | |
| 02.04.2014 | - Endeleg handsaming evaluerte planar<br>- Årsmelding 2013 kontr.utvalet<br>- Årsrapport skatteoppkrevjar | | 13.05.2014 |
| 20.05.2014 | Rekneskap Tysnes kommune og årsmelding for 2013 | 04.06.14 | 17.06.14 |
| | | | |

Det er ikkje laga møteplan for formannskap og kommunestyre for hausten, så val av møtedato for kontrollutvalet må tilpassast desse. Difor vert møtedatoane sett opp med atterhald om endring.

## Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for vårhalvåret 2014:

| Dato: | *Merknad:* |
|---|---|
| 03.03.2014 | Under avvikling |
| 02.04.2014 | Planvedtak.<br>Årsmelding for KUV |

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

| | |
|---|---|
| 20.05.2014 | Rekneskap og årsmelding for kom. |

Møtedatoar for kontrollutvalet sine møter i vårhalvår 2014 vert å legga inn i møteplan for kommunen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

PS 8/14 Meldingar

# *BUDSJETT*

*for*

## *Tysnes kommune*

*2014*

**TYSNES KOMMUNE**
Rådmannskontoret
Rådhuset
5685 UGGDAL
Telefon 53 43 70 12
Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 09.01.2014

| *Saksnr.* | *Dok.nr* | *Arkivkode* | *Avd/Sek/Saksh* | *Dykkar ref.* |
|---|---|---|---|---|
| 13/510-43 | 184/14 | 102 | FSK/FEL/AADH | |

# BUDSJETT 2014

# FOR

# TYSNES KOMMUNE

K 56/13 - Budsjett 2014..... " 1
Økonomisk oversikt - drift..... " 11
Sentraladministrasjon..... " 13
Oppvekstetaten..... " 13
Helse og sosial..... " 14
Landbruk og teknisk..... " 14
Finans..... " 15
Budsjettskjema 2A – investeringsbudsjettet..... " 16
Budsjettvedlegg 4 - investering..... " 17
Investeringsprogram 2014 – 2017 – samandrag.... " 18

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING
## Tysnes kommune

Arkivsak : 13/510 -
Arkivkode: 102

Sakshandsamar: Steinar Dalland

**Handsamingar:**

| Utvalsaknr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| PS 77/13 | FORMANNSKAPET | 15.10.2013 |
| PS 83/13 | FORMANNSKAPET | 12.11.2013 |
| PS 85/13 | FORMANNSKAPET | 26.11.2013 |
| PS 89/13 | FORMANNSKAPET | 03.12.2013 |
| PS 56/13 | KOMMUNESTYRET | 17.12.2013 |

**BUDSJETT 2014 - ØKONOMIPLAN 2014 - 2017**

**Vedlegg:**
1. **Drøftingsnotat som vart lagt fram for formannskapet 15.10.13**
2. **Driftsbudsjett 2014 – oversikt over hovudkapitla med tilhøyrande ansvarsområde**
3. **Driftsbudsjett for økonomiplanperioden 2014 – 2017**
4. **Framlegg til netto investeringsprogram**

**HANDSAMING I FORMANNSKAPET 15.10.2013:**

Rådmannen la fram følgjande dokument i møte:
- Drøftingsnotat for økonomiplanperioden 2014-2017
- Framlegg til økonomiplan 2014
- Modell for låneopptak
- Framlegg til investeringsbudsjett 2013 – 2022
- Skriv frå fylkesmannen om statsbudsjettet 2014, dagsett 14.10.13

Det vart presisert at framlegget til investeringsbudsjett enn så lenge berre er eit underlag for politiske drøftingar og at det i første omgang er viktig å få avklart den økonomiske toleevna.

I møtet gjekk administrasjonen gjennom føresetnader for budsjettframlegget og dei ulike hovudkapitla.

Under drøfting av investering og låneopptak vart administrasjonen beden om å sjå nærare på tiltak for å redusera kostnad ved utbygging av nytt omsorgssenter.

Det vart i møte avtalt eit utvida formannskapsmøte tysdag 22. oktober. Formannskapet får då med seg gruppeleiarane i dei partia som ikkje er representert i formannskapet.



Postadresse:
Rådhuset
5685 UGGDAL

Besøksadresse:
UGGDAL

Telefon: 53 43 70 14
Telefaks: 53 43 70 11

**HANDSAMING I FORMANNSKAPET 12.11.2013:**

Driftsbudsjett 2014

Økonomisjefen orienterte om konsekvensar av regjeringa sin tilleggsproposisjon, proposisjonen gjev følgjande endringar i rammeoverføringar:

| | |
|---|---|
| Auka prisjustering som følgje av høgare prisindikator (frå 3,0 til 3,1 %), | + kr. 250,3 mill. |
| Auka kompensasjon for auka tilskot til ikkje-kommunale barnehagar frå 96 prosent til 98 prosent, frå 01.august 2014 | + kr. 69 mill. |
| Bortfall av framlegget om reell reduksjon av maksimal foreldrebetaling i barnehage. Maksimal foreldrebetaling pr. plass blir kr. 2405,-pr. månad frå 01.januar.Maksimalpris blir vidareført på same reelle nivå som i 2013. | - kr. 163 mill. |
| Bortfall av framlegget om opptrapping mot to barnehageopptak i året. | - kr. 241 mill. |
| Avvikla ordninga med ein veketime kulturskuletilbod i skule/SFO-tida (første til fjerde barnetrinn) frå og med skuleåret 2014 - 2015. | - kr. 71,1 mill. |
| Avvikla ordninga med gratis frukt og grønt på skular med ungdoms-trinn frå og med skuleåret 2014 - 2015. | - kr. 107,2 mill. |
| Redusert eigenbetaling for bebuarar som mot eigen vilje må bu på dobbeltrom ved langtidsopphald i kommunal helse- og omsorgs-institusjon, halvårseffekt. | + kr. 15 mill. |
| Midlar i rammeoverføring til kommunalt rusarbeid blir i staden gitt som øyremerka tilskot. | - kr. 343 mill. |
| Styrka tilsyn med barn i fosterheimar blir starta opp tidlegare i 2014 enn lagt til grunn i opphavleg framlegg, frå 01.februar i staden for frå 15. juli. | + kr. 15 mill. |
| Sum | = - kr. 576 mill. |

Totalt er det rekna at Tysnes kommune vil få om lag kr. 368.000 mindre i rammeoverføringar som følgje av endringa. Det er særskilt avvikling av kulturskuletilbod i skule/SFO tida, avvikling av ordninga med grønt og frukt i skular og borfall av framlegget om reell reduksjon av maksimal foreldrebetaling i barnehage som må takast stilling til politisk.

Formannskapet gav si tilslutning til at det vert gjort følgjande justeringar i budsjettframlegget for 2014:

- Det vert innført maksimal foreldrebetaling på kr. 2405,- per månad.
- Ordninga med frukt og grønt i skulen vert avvikla.
- Ordninga med ein veketime kulturskuletilbod i skule/SFO tida vert avvikla.

Framstegspartiet meinte at det vil vera mogleg å justera ned budsjettet med om lag kr. 500.000 ved å kutte i betalt matpause på rådhuset. Rådmannen viste til at dette har vore oppe tidlegare og kan vanskeleg sjå realismen i å gjennomføra eit kutt i slik storleik gjennom dette tiltaket.

Driftsbudsjettet vert saldert gjennom bruk av fond.

Investeringsprogram:

Det vart drøfta ulike tilnærmingar til investering i skule og omsorgssenter.

Bjørn Lande peika på at mange føresetnader er endra undervegs, og at den største utfordringa er at driftssituasjonen ikkje gjev grunnlag for store investeringar. Skal det investerast må det nyttast eigedomsskatt og eit påslag på 2 promille i eigedomsskatten. Ei slik auke vil kunna dekka ein investering på inntil kr 80 millionar. Høgre vil ikkje stetta ein auke i eigedomsskatten om dette berre løyser situasjonen for nytt omsorgssenter og ikkje for skulen.

Han sette fram slikt framlegg til ivesteringsbudsjettet:

> «Det vert sett i verk eit prosjektarbeid knytt til rehabilitering av eksisterande sjukeheim. Fram til det ligg føre alternative løysingar til nybygg vert tiltaket teke ut av økonomiplanen.»

Ved avrøysting fekk framlegget frå Bjørn Lande 4 røyster (H, Sp, Frp), 3 røysta i mot (Ap).



**HANDSAMING I FORMANNSKAPET 26.11.2013:**

Investeringsprogrammet:
Prosjektsjef gjekk gjennom dei ulike postane i framlegg til investeringsprogram.

Frå formannskapet si side vart det gjeve uttrykk for skepsis til ei foreslått investering på Tysnes skule tilsvarande 5,6 millionar i netto kostnad. Formannskapet har von om at det skal vera mogleg å forsera ei større utbygging av skulen og meiner i denne samanheng at det ikkje er tilrådeleg å investera så mykje i bygget. Representanten John Martin Dale meinte at me må ha fokus på heilt naudsynte tiltak knytt til klassedeling, ventilasjon og fukt. Representanten Arne Skutlaberg meinte at me har råd til å gjera større investeringar i skulen om me får pressa prisen på sjukeheim noko ned. Representanten Arne Leite meinte at rehabilitering på Tysnes skule bør gjerast med gravemaskin og at den delen som vert «rehabilitert» bør erstattast av modular.

I investeringsprogrammet er det sett av ein mindre sum til kyrkjer, ordføraren viste i den samanheng til at det ligg føre ein rapport som viser at kyrkjebygga våre har omfattande behov for vøling på kort og lengre sikt. Det er snakk om samla kostnader i storleik kr. 35 millionar, det er også behov for akutt vedlikehald tilsvarande fleire millionar.

Det er sett av kr. 800.000 til kjøp av lastebil. Representanten John Martin Dale tok til orde for at denne investeringa bør vurderast nærare opp mot faktisk behov, han viste i denne samanheng til at ein slik bil også er dyr i drift.

Det var i framlegg til investeringsprogram sett av kr. 1,6 million til utbetring og sikring av skuleborna sin busshaldeplass i Vågsmarka. I den løysinga som er føresett vert det lagt ei rundkøyring rundt kommunen sin industritomt i område. Det vart vist til at det må vera mogleg å finna ei rimelegare løysing på dette, og posten vart redusert med kr. 1 million.

Det var lagt inn kr. 100.000 til vedlikehald i Vågsmarka barnehage, vedlikehaldet kan ikkje reknast som investering og må prioriterast gjennom alminneleg drift.

Det vart lagt inn kr. 100.000 til etablering av badeplass i Apalvikja i Lunde, etablering vil skje saman med BOF.

I framlegg til investeringsprogram låg det inne kr. 860.000 til rehabilitering av garderobeanlegg. Truleg vil bassenget verta nytta uavhengig av kva som skjer elles med skulen, tiltaket bør såleis stå.

Ordføraren tok til slutt til orde for at det bør setjast av kr. 2 million til ny brannbil i perioden. Problemstillinga her er at brannbilen som i dag er i drift har for lite vasskapasitet til at det kan sendast inn røykdykkarar, dette kan føra til tap av tid i ein bergingsoperasjon.

Representanten Tore Atle Humlevik gav på vegner av Høgre uttrykk for at dei ikkje vil kunna stetta framlegg til investeringsprogram slik det no ligg føre, og at dei vil leggja fram eit alternativt framlegg.



<u>Driftsbudsjett og økonomiplan</u>
Økonomisjefen orienterte om framlegg til driftsbudsjett og økonomiplan med utgangspunkt i vedteke investeringsprogram.

Det vert føresett at investeringar må finansierast gjennom eigedomsskatt, ut frå det gjeldande investeringsprogrammet vert det ein auke i eigedomsskatt i 2014 på 1,8 promille, vidare auke i 2015 vert på 1,5 promille.

I driftsbudsjettet ligg det føresetnader om nedjustering av drift i storleik 1,6 millionar frå og med budsjettåret 2015. Det er elles lagt inn inntekter knytt til leige av kai.

Representanten Arne Skutlaberg stilte spørsmål ved kva føresetnader som er gjort knytt til bemanning ved nytt omsorgssenter. Rådmannen orienterte om at bemanninga vert vidareført om lag på dagens nivå, men vil koma attende til dette i samband med at forprosjektet gjev sin rapport i januar.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til ein vesentleg bruk av fond. Formannskapet er samstemte i at driftsnivået må ned på eit berekraftig nivå. Ordføraren viste til at kutt føreset at talet på stillingar vert justert ned, og gjorde framlegg om at alle ledige stillingar frametter skal gjen-

nom formannskapet. Det vart antyda at drifta må justerast ned med minimum ti stillingar i planperioden.

Rådmannen ba om eit tydeleg mandat frå formannskapet knytt til dette, ikkje minst er det viktig at formannskapet gjev uttrykk for om dei vil ha skjerma nokre områder, elles bør rådmannen få eit relativt fritt mandat. Rådmannen var vidare klar på at ei justering av drifta sjølvsagt også ville ha innverknad på dei teneste som vert ytt i dag. Formannskapet vil koma attende til desse spørsmåla over årsskifte.

Representanten Arne Leite var uroleg for rådmannen sitt framlegg om å auka inntektene i kulturskulen med kr. 100.000 utan at det vart gjeve ei tilsvarande auke innan kulturløyvingane til kor og korps.

Representanten Tore Atle Humlevik gjorde framlegg om at samla kulturmidlar til kor og korps vart auka med kr. 100.000 under føresetnad av at dei nyttar kulturskulen sine tenester til dei kostnadane som følgjer rådmannen sitt opphavlege framlegg. Midlane vert teke frå den føreslåtte løyvinga på kr. 100.000 til Johannes Heggland dagane.

**HANDSAMING I FORMANNSKAPET 03.12.2013:**

Representanten Bjørn Lande stilte seg undrande til at eigedomsskatten vert auka også ved ei minimumsløysing med omsyn til investeringar. Han meiner at alle investeringar bør utsetjast fram til drifta er redusert, og i balanse.

John Martin Dale viste til at det tar tid å justera ned drifta og at det må hentast pengar for å byggja ein ny sjukeheim no. Det er også eit moment at det er uvisst om dagens stønadsordningar for denne type tiltak vert vidareført.

Arne Skutlaberg meinte at talet på innbyggjarar må opp om me skal få drifta i balanse og utfordra dei andre partia på å meina noko om kvar smertegrensa går for kor mykje dei er viljuge til å auka eigedomsskatten.

Ordføraren svara at Ap vil stetta framlegg om auke i eigedomsskatten slik det ligg føre, dette er naudsynt for å kunna gjennomføra dei investeringane me ønskjer.

John Martin Dale svara at grensa for Frp er null, men han kan vanskeleg sjå at det er alternativ på heilt kort sikt.

Ingrid Restad sette på vegner av Arbeiderpartiet fram slikt framlegg:

«Investering:
Rehabilitering Tysnes skule vert justert ned med 1 mill i 2014, og flytta til Ombygging Tysnes skule. Deretter er det lagt inn eit beløp på 60 mill på denne i 2015, beløp er eks moms. Endringa vert finansiert gjennom arealavgift.

Drift:
Det er lagt inn 3 mill i arealavgift fom. 2015. Deretter er det lagt inn 2 mill i avdrag og 1 mill i renter fom. 2015, slik at netto driftsbudsjett vert uendra i perioden. Merk at eit lån

på 60 mill på 30 år med 3,25 % gjev 2 mill i årleg avdrag og ca. 1,9 mill i renter dei fyrste åra. Slik sett heng ikkje reknestykket saman, men med ein føresetnad om rentekompensasjon bør dette likevel vere relevant.»

Arne Skutlaberg sette på vegner at Senterpartiet fram slikt framlegg:

«Totale investeringar i perioden er inntil 80 millionar. Eigedomsskatten kan i perioden aukast inntil 4 promille.»

Bjørn Lande sette fram eit framlegg om budsjett og økonomiplan i samsvar med rådmannen si framlegg om minimumsinvestering,. Framlegget vart trekt før avrøysting.
Det vart gjennomført avrøysting mellom framlegget frå senterpartiet og framlegget frå arbeidarpartiet. Ved avrøysting fekk framlegget frå senterpartiet 3 røyster ( Sp og H), medan framlegget frå arbeidarpartiet fekk 4 røyster ( Ap, Frp).

Etter avrøysting ligg det då føre eit fleirtals og eit mindretalsframlegg frå formannskapet:

**FRAMLEGG TIL VEDTAK I FORMANNSKAPET 03.12.2013 MED 4 RØYSTER (K.H., A.M.F., I.R. OG J.M.D):**

**BUDSJETT 2014**

Kommunestyret vedtek drifts- og investeringsbudsjettet for 2014 i samsvar med formannskapet si innstilling i vedlagde budsjettdokument og elles med dei føringane som går fram av møteboka for budsjettarbeidet.



Kommunestyret godkjenner låneopptak i budsjett for 2014 med kr. 79 050 000,-

**I. ØKONOMIPLAN 2014 – 2017:**

1. Formannskapet si innstilling til økonomiplan vert vedteken slik ho ligg føre som vedlegg til denne saka, med endring på følgjande postar:

   - Rehabilitering av Tysnes skule vert redusert med kr. 1 million i 2014
   - Det vert sett av kr. 60 million til ombygging av Tysnes skule i 2015
   - Det vert føresett kr. 3 million i årlege driftsinntekter som følgje av innføring av arealavgift frå og med 2015.
   - Då renter og avdrag dei første åra utgjer totalt 3,9 millionar vert det føresett at meirkostnad vert dekt av rentekompensasjon, subsidiært vert låneopptaket avgrensa.

2. Økonomiplanen sine hovudtal for 2014 vert å leggja til grunn som driftsramme for 2014.

3. Økonomiplanen sitt investeringsbudsjett for 2014 vert retningsgjevande for kva for prosjekt som kan førast opp i investeringsbudsjettet 2014.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK I FORMANNSKAPET 03.12.2013 MED 3 RØYSTER (A.S., B.L. OG T.L):**

**BUDSJETT 2014**

Kommunestyret vedtek drifts- og investeringsbudsjettet for 2014 etter at vedlagde budsjettdokument vert justert ved at eigedomsskatt vert sett til 3 promille i 2014. Elles gjeld dei føringane som går fram av møteboka for budsjettarbeidet.

Totale investeringar skal ikkje overstiga kr. 80 millionar totalt i økonomiplanperioden.

Kommunestyret godkjenner låneopptak i budsjett for 2014 med kr 40 000 000,-.

**I. ØKONOMIPLAN 2014 – 2017:**

1. Formannskapet si innstilling til økonomiplan vert vedteken slik ho ligg føre som vedlegg til denne saka, med endring av følgjande:

   - Det vert sett av maksimalt kr. 80 000 000 til investeringar i økonomiplanperioden.
   - Investeringane skal dekka tiltak knytt til nytt omsorgssenter og Tysnes skule.
   - Eigedomsskatten skal ikkje aukast utover 4 promille i økonomiplanperioden.

2. Økonomiplanen sine hovudtal for 2014 vert å leggja til grunn som driftsramme for 2014.

3. Økonomiplanen sitt investeringsbudsjett for 2014 vert retningsgjevande for kva for prosjekt som kan førast opp i investeringsbudsjettet 2014.

**HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 17.12.2013:**

I samband med endringar som vart gjort i formannskapet i førre møte skal rett låneopptak i fleirtalsframlegget vera kr. 78.050.000 for 2014.

Representanten Anne Merethe Fjeldstad sette på vegner av Ap, Krf og V fram slikt endringsframlegg til formannskapet sitt fleirtalsframlegg, endringane gjeld berre økonomiplan 2014-2017 og har ingen konsekvensar for driftsbudsjett 2014:

- Investering i nytt omsorgssenter vert redusert i 2015 frå 48 millionar til 18 millionar.
- Nødvendig låneopptak i 2015 som må finansierast gjennom eigedomsskatt vert såleis redusert til 29 millionar.
- Auke i eigedomsskatt frå og med 2015 for å finansiera nye låneopptak vert dermed redusert til ein auke på 0,75 promille (dette samsvarar med renter og avdrag på ca. 1,9 mill dei fyrste åra.)

Representanten Anne Merethe Fjeldstad ba vidare om at dette justerte framlegget då kjem i staden for formannskapet sitt fleirtalsframlegg sett fram av Ap. Ingen av kommunestyre sine representantar ba om at fleirtalsframlegget frå formannskapet vart røysta over særskilt.

Representanten Bjørn Lande la på vegner av Høgre fram eit alternativt investeringsprogram for perioden 2014-2017:

**ALTERNATIV TIL INVESTERINGSPROGRAM 2014 - 2017**

Utvalgsak PS 56/13 , Kommunestyret 17.12.2013

Arkivsaksnummer: 13/510

Høgre fremjar følgjande alternativ til investeringsprogram 2014 - 2017 Vedlagt framlegg i eit enkelt Excel format.

Me vil også fremja forslag om og ikkje auke eigedomskatten i 2014.

Vårt forslag til økonomiplan avgrensar seg til maks 4 promille i perioden som me har definert som vår smertegrense.

I dette oppsettet er det satt av 40 mill til omsorg senter som eigenkapital. Tilskot må reknast i tillegg for sluttsum til prosjektet.

For skulen sin del vonar me avsett sum rekk til å sanere garderobar sauna til og med gamle gymnastikksal, samt at grunn blir drenert og planert på nytt. Tanken er å frigjeva Symjehall frå skulebygget til eit eige fristående idrettsanlegg der nye garderobar/badstu vert bygd i lag med symjehall, og at me då kan søkja tippemidlar til anlegget. Tysnes Symjeklubb har signalisert at dei er viljuge til å bidra med midlar til dette, og dei må vel kanskje og stå som søkjar til tippemidlar.

Om det so er pengar att til eit nytt tilbygg til skulen der gamle gymnastikksal er, så ser me for oss at det kan løysast med eit modulbygg dersom det har lågare kostnad.

Tysnes Høgre

Bjørn Lande

17.12.2013

**INVESTERINGSPROGRAM 2014 - 2017**

| PROSJEKT/ INVESTERINGSOBJEKT | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| **Administrasjon og fellesfunksjonar** | 2 720 000 | 920 000 | 760 000 | 780 000 | 5 180 000 |
| IKT – Felles adm. | | 200 000 | 200 000 | 200 000 | |
| Eigenkapitalinnskot KLP | 520 000 | 540 000 | 560 000 | 580 000 | |
| Nytt økonomisystem | 200 000 | | | | |
| Nødnett | | 180 000 | | | |
| Ombygging rådhuset | 2 000 000 | | | | |
| **Bustad og næring** | | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 6 000 000 |
| Kommunale bustader | | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | |
| **Skular og barnehager** | 500 000 | 5 000 000 | 5 000 000 | 13 000 000 | 23 500 000 |
| Ombygging/ Rehabilitering Tysnes Skule | | 5 000 000 | 5 000 000 | 12 000 000 | |
| Rehabilitering Vågsmarka barnehage | 500 000 | | | | |
| **Helse og sosial** | | 20 000 000 | 23 000 000 | | 43 000 000 |
| Omsorgsenter | | 20 000 000 | 20 000 000 | | |
| Buralaskap PU | | | 3 000 000 | | |
| **Veg-, park- og kalanlegg** | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 150 000 | 600 000 |
| Kommunale veger | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 | |
| Trafikksikring | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 | |
| Kartleningen (skal gå i null) | | | | | |
| **Andre bygg og anlegg** | 160 000 | | | | 160 000 |
| Mobiliteering | 160 000 | | | | |
| **Utstyr, kart og IKT** | 500 000 | 100 000 | | | 600 000 |
| Adressering | 500 000 | 100 000 | | | |
| **Avløpsanlegg** | 200 000 | 200 000 | | | 400 000 |
| Recipientundersøkelse | | 200 000 | | | |
| Revisjon av hovudplaner | 200 000 | | | | |

Σ 3.710 (eks. KLP)
ca. 250' i 2014

79 440 000

Investeringsprogrammet følgjer som vedlegg til protokoll og har ei samla investeringsramme på kr. 79 440 000.

Investeringsprogrammet har også innverknad på driftsbudsjettet i 2014, låneopptak i perioden vert finansiert i budsjett 2014 gjennom å auka fondsbruk tilsvarande kr. 250.000 i driftsåret. Låneopptak i økonomiplanperioden vert saldert gjennom eigedomsskatt, denne skal likevel ikkje overstige 4 promille. Utover desse endringane byggjer framlegget på driftsbudsjett og økonomiplan slik det ligg føre.

Representanten Ole Christian Kjerrgård ba på vegner av Sp om at framlegget som vart sett fram av Sp, mindretalsframlegg frå formannskapet vert trekt.

I samband med kommunestyret si handsaming av sak 59/13 vart inntektene som ligg til grunn i budsjettframlegget endra ved at det fell vekk kr. 200.000 i inntekter innan hovudkapitel 1.4, endringa vert saldert gjennom auka bruk av fond. Kommunestyret slutta seg samrøystes til denne endringa som vert lagt til grunn i dei to budsjettframlegga som er sett fram.

Det står då att to salderte endringsframlegg til budsjett og økonomiplan:

1) Endringsframlegg frå Ap, Krf og V.
2) Endringsframlegg frå H

Ved avrøysting fekk framlegg frå Ap, Krf og V 12 røyster (Ap, V, Krf, A.M) medan framlegg frå Høgre fekk 9 røyster (H, Frp, O.C.K). Det ligg då føre slikt endeleg vedtak om budsjett og økonomiplan 2014-2017:

**VEDTAK I KOMMUNESTYRET 17.12.2013:**

**BUDSJETT 2014**

Kommunestyret vedtek drifts- og investeringsbudsjettet for 2014 i samsvar med formannskapet si innstilling i vedlagde budsjettdokument og elles med dei føringane som går fram av møteboka for budsjettarbeidet.

Kommunestyret godkjenner låneopptak i budsjett for 2014 med kr. 78 050 000,- med 30 års løpetid.

**ØKONOMIPLAN 2014 – 2017:**

1. Formannskapet si innstilling til økonomiplan vert vedteken slik ho ligg føre som vedlegg til denne saka, med endring på følgjande postar:

   - Rehabilitering av Tysnes skule vert redusert med kr. 1 million i 2014
   - Det vert sett av kr. 60 million til ombygging av Tysnes skule i 2015
   - Det vert føresett kr. 3 million i årlege driftsinntekter som følgje av innføring av arealavgift frå og med 2015.
   - Då renter og avdrag dei første åra utgjer totalt 3,9 millionar vert det føresett at meirkostnad vert dekt av rentekompensasjon, subsidiært vert låneopptaket avgrensa.
   - Investering i nytt omsorgssenter vert redusert i 2015 frå 48 millionar til 18 millionar.
   - Nødvendig låneopptak i 2015 som må finansierast gjennom eigedomsskatt vert såleis redusert til 29 millionar.
   - Auke i eigedomsskatt frå og med 2015 for å finansiera nye låneopptak vert dermed redusert til ein auke på 0,75 promille (dette samsvarar med renter og avdrag på ca. 1,9 mill dei fyrste åra.)

2. Økonomiplanen sine hovudtal for 2014 vert å leggja til grunn som driftsramme for 2014.

3. Økonomiplanen sitt investeringsbudsjett for 2014 vert retningsgjevande for kva for prosjekt som kan førast opp i investeringsbudsjettet 2014.

## Budsjettskjema 1A - Driftsbudsjettet

| Tall i 1000 kroner | *Oppr. budsjett 2014* | *Oppr. budsjett 2013* | *Regnskap 2012* |
|---|---|---|---|
| **FRIE DISPONIBLE INNTEKTER** | | | |
| Skatt på inntekter og formue 1) | -64 000 | -59 832 | -62 384 |
| Ordinart rammetilsko 1) | -102 331 | -100 253 | -95 009 |
| Skatt på eigedom | -9 880 | -5 000 | -5 078 |
| Andre direkte eller indirekte skattar 2) | 0 | 0 | 0 |
| Andre generelle statstilskot 3) | -1 985 | -2 373 | -2 312 |
| **Sum frie disponible inntekter** | **-178 196** | **-167 458** | **-164 783** |
| **FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER** | | | |
| Renteinntekter og utbytte 4) | -2 300 | -2 010 | -2 649 |
| Gevinst finansielle instrument | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter | 7 618 | 5 075 | 4 808 |
| Tap finansielle instrumenter | 0 | 0 | 0 |
| Avdrag på lån | 8 585 | 5 900 | 7 906 |
| **Netto finansinntekter/-utgifter** | **13 903** | **8 965** | **10 065** |
| **AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER** | | | |
| Til dekking av tidlegareårs rekneskapsmessig meirforbruk | 0 | 0 | 0 |
| Til ubundne avsetningar | 0 | 0 | 0 |
| Til bundne avsetningar 5) | 138 | 787 | 1 131 |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundne avsetningar | -4 414 | -2 448 | 0 |
| Bruk av bundne avsetningar 6) | -697 | -782 | -1 429 |
| **Netto avsetninger** | **-4 974** | **-2 443** | **-298** |
| **FORDELING** | | | |
| Overført til investeringsregnskapet | 520 | 6 965 | 2 782 |
| Til fordeling drift | -168 747 | -153 971 | -152 234 |
| Sum fordelt til drift (fra skjema 1B) | 168 747 | 153 971 | 151 175 |
| **Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk** | **0** | **0** | **-1 059** |

# Budsjettvedlegg 3
# Økonomisk oversikt - Drift

| Tall i 1000 kroner | Oppr. budsjett 2014 | Oppr. budsjett 2013 | Regnskap 2012 |
|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | |
| Brukarbetaling | -9 148 | -9 499 | -9 135 |
| Andre salgs- og leigeinntekter | -18 046 | -17 751 | -17 823 |
| Overføringar med krav til motytelsar | -18 062 | -24 121 | -28 805 |
| Rammetilskot frå staten | -102 331 | -100 253 | -95 009 |
| Andre statlege overf. | -1 985 | -2 373 | -2 312 |
| Andre overføringar | 0 | 0 | -46 |
| Skatt på inntekt og formue | -64 000 | -59 832 | -62 384 |
| Eigedomsskatt | -9 880 | -5 000 | -5 078 |
| Andre direkte og inndirekte skattar | 0 | 0 | 0 |
| **Sum driftsinntekter** | **-223 452** | **-218 828** | **-220 592** |
| | | | |
| **DRIFTSUTGIFTER** | | | |
| Lønsutgifter | 119 214 | 115 485 | 119 801 |
| Sosialekostnader | 39 664 | 35 019 | 31 238 |
| Kjøp som inngår i kommunal prod. | 33 421 | 34 321 | 35 344 |
| Kjøp som erstattar eigen prod. | 13 707 | 11 473 | 11 435 |
| Overføringar | 12 105 | 13 189 | 13 527 |
| Avskrivingar | 4 949 | 4 949 | 5 724 |
| Fordelte utgifter | -4 109 | -4 146 | -4 400 |
| **Sum driftsutgifter** | **218 951** | **210 291** | **212 669** |
| | | | |
| **Brutto driftsresultat** | **-4 501** | **-8 538** | **-7 923** |
| | | | |
| **EKSTERNE FINANSINNTEKTER** | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -2 300 | -2 010 | -2 649 |
| Gevinst Finansielle instrumentyer (omløpsmidler) | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på lån | -60 | -60 | -38 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | **-2 360** | **-2 070** | **-2 687** |
| | | | |
| **EKSTERNE FINANSUTGIFTER** | | | |
| Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter | 7 618 | 5 075 | 4 808 |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 0 | 0 | 0 |
| Avdragsutgifter | 8 585 | 5 900 | 7 906 |
| Utlån | 60 | 60 | 77 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | **16 263** | **11 035** | **12 791** |
| | | | |
| **Resultat eksterne finanstransaksjoner** | **13 903** | **8 965** | **10 104** |
| | | | |
| Motpost avskrivingar | -4 949 | -4 949 | -5 724 |
| **Netto driftsresultat** | **4 454** | **-4 522** | **-3 542** |
| | | | |
| **BRUK AV AVSETNINGER** | | | |
| Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | -4 414 | -2 448 | 0 |
| Bruk av bundne fond | -697 | -782 | -1 429 |
| **Sum bruk av avsetninger** | **-5 111** | **-3 230** | **-1 429** |
| | | | |
| **AVSETNINGER** | | | |
| Overføring til investeringsrekneskap | 520 | 6 965 | 2 782 |
| Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk | 0 | 0 | 0 |
| Avsetning disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 |
| Avsetning til bundne driftsfond | 138 | 787 | 1 131 |
| **Sum avsetninger** | **658** | **7 752** | **3 913** |
| | | | |
| **Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk** | **0** | **0** | **-1 059** |

| | Ansvar | Rekneskap 2012 | Budsjett 2013 | Budsjett 2014 |
|---|---|---|---|---|
| | **Sentraladministrasjonen** | | | |
| 1100 | Politisk styring | 489 | 878 | 505 |
| | Plan og utvikling | 879 | 2 700 | 2 125 |
| | Revisjon | 828 | 680 | 708 |
| | Ordførar | 1 259 | 1 033 | 1 302 |
| 1120 | Rådmannskontor | 4 348 | 3 672 | 6 442 |
| 1121 | Eigedomsskattekontor | 289 | 171 | - |
| 1130 | Økonomikontor | 3 688 | 3 789 | - |
| 1140 | Utval/råd | 179 | 181 | 97 |
| 1150 | Administrasjonsbygg | 672 | 874 | 935 |
| 1180 | Felles IT og kontingentar m.a. KS | 1 076 | 1 697 | 3 175 |
| 1181 | Tillitsvalde | 378 | 327 | 363 |
| 1192 | Stortingsval/kommuneval | - | 181 | - |
| 1430 | Næringsutvikling | 55 | 429 | 499 |
| 1432 | Næringsbygg Heningen | 3 | | - |
| 1434 | Næringsutvikling - marknadsføring | 589 | 432 | 222 |
| 1440 | Sosial rådgjeving og rettleiing | 240 | 291 | - |
| 1455 | Veterinær | 116 | 127 | 116 |
| 1456 | Veterinærsamarbeid 720' | 6 | - | - |
| 1459 | Andre næringsføremål | 66 | 90 | 90 |
| 1460 | Alkoholkontroll | (30) | 1 | 1 |
| 1470 | Miljø og naturvernføremål | - | | - |
| 1500 | Kultur | 729 | 928 | 1 228 |
| 1501 | Tysneshallen | 340 | 340 | 340 |
| 1510 | Bibliotek | 543 | 518 | 535 |
| 1541 | Friluftsliv | 56 | 120 | 166 |
| 1542 | Folkehelsekoordinator | 45 | | 137 |
| 1570 | Kyrkjeleg administrasjon | 1 543 | 2 054 | 1 912 |
| 1580 | Andre religiøse føremål | 27 | 24 | 24 |
| | **Sum 1.1 - Sentraladm** | **18 413** | **21 537** | **20 922** |
| | **Oppvekstetaten** | | | |
| 2000 | Skulekontor | 1 236 | 1 008 | 1 009 |
| 2100 | Fellestiltak skulane | 4 996 | 5 059 | 4 159 |
| 2110 | Lunde Skule | 1 570 | - | - |
| 2120 | Onarheim Skule | 2 687 | 2 825 | 2 970 |
| 2130 | Reksteren Skule | 83 | 72 | - |
| 2140 | Tysnes Skule | 23 573 | 22 124 | 21 559 |
| 2150 | Uggdal Skule | 8 154 | 7 865 | 8 387 |
| 2200 | Fellestiltak barnehagar | 997 | 1 763 | 1 658 |
| 2201 | Modulbarnehage leige | 1 019 | 1 200 | 1 200 |
| 2210 | Stjernereiso | 5 611 | 5 150 | 5 757 |
| 2220 | Onarheim Barnehage | 1 582 | 1 550 | 1 796 |
| 2230 | Vågsmarka Barnehage | 3 418 | 3 188 | 2 824 |
| 2250 | Lunde Barnehage | 1 967 | 2 548 | 2 760 |
| 2301 | Kulturskule | 865 | 879 | 702 |
| 2420 | Vaksenopplæring | (467) | 243 | 55 |
| | **Sum 1.2 - Oppvekst** | **57 291** | **55 474** | **54 836** |

| Ansvar | | Rekneskap 2012 | Budsjett 2013 | Budsjett 2014 |
|---|---|---|---|---|
| | **Helse og sosial** | | | |
| 3000 | Helse- og sosialadministrasjon | 1 492 | 1 169 | 1 108 |
| 3100 | Offentleg legearbeid | 186 | 159 | 197 |
| 3110 | Legekontor | 3 330 | 2 777 | 3 178 |
| 3120 | Helsestasjon /jordmor | 1 454 | 1 355 | 1 438 |
| 3130 | Fysioterapi | 1 144 | 1 255 | 1 370 |
| 3140 | Ergoterapi | 554 | 526 | 543 |
| 3200 | Sosiale tenester | 1 983 | 1 828 | 2 211 |
| 3201 | Barneverntenester | 3 023 | 3 909 | 3 463 |
| 3202 | Edruskap | 8 | 1 | 8 |
| 3300 | Pleie og omsorg | 632 | 498 | 430 |
| 3301 | Pleie og omsorg | 13 | - | - |
| 3310 | Tysnes sjukeheim | 25 043 | 23 354 | 24 660 |
| 3330 | Heimesjukepleie | 9 028 | 8 221 | 8 512 |
| 3340 | Heimehjelp | 3 860 | 3 877 | 4 100 |
| 3351 | P U Uggdal | 6 274 | 6 155 | 6 326 |
| 3352 | P U Våge | 4 057 | 4 114 | 4 303 |
| 3361 | Trygde- og omsorgsbustader Uggdal | (813) | (788) | (822) |
| 3362 | Trygde- og omsorgsbustader Våge | (1 063) | (1 285) | (1 100) |
| 3363 | Trygde- og omsorgsbustader Nymark | (934) | (695) | (516) |
| 3370 | Psykiatri | 2 654 | 2 411 | 2 854 |
| 3400 | Tiltak for funksjonshemma | 2 366 | 2 294 | 3 016 |
| 3410 | Dagsenter | 1 702 | 1 668 | 1 757 |
| 3500 | Bedriftshelseteneste | 443 | 470 | 200 |
| 3600 | Kontakten | 100 | 113 | 107 |
| | **Sum 1.3 - Helse og sosial** | **66 537** | **63 386** | **67 343** |
| | **Landbruk og teknisk** | | | |
| 4000 | Landbruk og teknisk administrasjon | 1 124 | 396 | 402 |
| 4100 | Jordbruk | 1 150 | 1 000 | 1 069 |
| 4210 | Skogbruk | 101 | 70 | 70 |
| 4220 | Viltforvaltning | 70 | 92 | 55 |
| 4300 | Oppmåling | - | - | 150 |
| 4300 | Karttenester | 510 | 356 | 340 |
| 4410 | Brann | 2 682 | 2 505 | 2 717 |
| 4420 | Byggforvaltning | 455 | 604 | 575 |
| 4500 | Bygg og eigedomsforvaltning | 6 931 | 7 132 | 6 717 |
| 4560 | Renovasjon | (164) | - | - |
| 4570 | Kloakk | (94) | (330) | 69 |
| 4580 | Vassverk | (2) | - | - |
| 4590 | Vegar | 2 771 | 2 803 | 2 390 |
| | **Sum 1.4 - Landbruk og teknisk** | **15 534** | **14 628** | **14 554** |

| | Ansvar | Rekneskap 2012 | Budsjett 2013 | Budsjett 2014 |
|---|---|---|---|---|
| | **Finans** | | | |
| 9000 | Momskompensasjon | -3 501 | -8 106 | - |
| | Rammeoverføring frå staten | (95 009) | (100 253) | (102 331) |
| | Refusjon 6-årsrforma | (620) | (600) | (600) |
| | Rentekomp. omsorgsbust./sjukeh | (896) | (950) | (938) |
| | Skatt på inntekt | (62 384) | (59 832) | (64 000) |
| | Leige kai | - | - | - |
| | Eigedomsskatt | (5 078) | (5 000) | (9 880) |
| | Arealavgift oppdrett | - | - | - |
| | Renteinntekter | (2 752) | (2 000) | (2 300) |
| | Motpost avskrivingar | (5 724) | (4 949) | (4 949) |
| | Renter på lån | 4 499 | 4 175 | 6 618 |
| | Renter på etableringslån | 462 | 900 | 1 000 |
| | Avdrag på lån | 7 906 | 5 900 | 8 585 |
| | Disponering av tidlegare års overskot | - | | - |
| | AFP Seniortiltak | 782 | 1 530 | 1 530 |
| | Løn/pensjonskostnader | (4 971) | 5 600 | 8 975 |
| | Overføring til investeringsbudsjettet | 2 782 | 6 965 | 520 |
| | Avskrivingar | 1 242 | 529 | 529 |
| | Avsetjing til fond/bruk av disp.fond | 1 059 | (2 448) | (4 414) |
| | Avsetjing til fond/bruk av bunde fond | 132 | (736) | - |
| | Samhandlingsreforma | 4 296 | 4 250 | 4 000 |
| | **Sum 1.9 - Finans m.m.** | **(157 774)** | **(155 025)** | **(157 655)** |
| | **Resultat - totalt** | **-** | **-** | **-** |

# Vedlegg 2
# Budsjettskjema 2A - Investeringsbudsjettet

| Tall i 1000 kroner | *Oppr. budsjett 2014* | *Oppr. budsjett 2013* | *Regnskap 2012* |
|---|---|---|---|
| **INVESTERINGSBEHOV** | | | |
| Investeringar i annleggsmidlar | 96 083 | 37 450 | 18 862 |
| Utlån og forskotering | 520 | 480 | 11 859 |
| Avdrag på lån | 0 | 900 | 635 |
| Dekning av tidligere års udekket | 0 | 0 | 0 |
| Avsetningar | 0 | 0 | 756 |
| **Årets finansieringsbehov** | **96 603** | **38 830** | **32 112** |
| | | | |
| **FINANSIERT SLIK:** | | | |
| Bruk av lånemidlar | -78 050 | -20 215 | -18 877 |
| Inntekter frå salg av anleggsmidlar | 0 | -3 000 | -3 548 |
| Tilskot til investeringar | 0 | -7 750 | -1 564 |
| Mottekne avdrag på utlån og refusjonar | -18 033 | -900 | -2 939 |
| Andre inntekter | 0 | 0 | 0 |
| **Sum ekstern finansiering** | **-96 083** | **-31 865** | **-26 929** |
| | | | |
| Overført frå driftsbudsjettet | **-520** | **-6 965** | **-2 782** |
| Bruk av tidligere års udisponert | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av avsetningar | 0 | 0 | -2 402 |
| **Sum finansiering** | **-96 603** | **-38 830** | **-32 112** |
| | | | |
| **Udekket / Udisponert** | **0** | **0** | **0** |

# Budsjettvedlegg 4
# Økonomisk oversikt - Investering

| Tall i 1000 kroner | Oppr. budsjett 2014 | Oppr. budsjett 2013 | Regnskap 2012 |
|---|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | | |
| Salg av driftsmidlar og fast eigedom | 0 | -3 000 | -3 548 |
| Andre salsinntekter | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar med krav til motyting | -18 033 | 0 | -1 708 |
| Staltege overføringar | 0 | -7 750 | -1 564 |
| Andre overføringar | 0 | 0 | 0 |
| Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | 0 | 0 | 0 |
| **Sum inntekter** | **-18 033** | **-10 750** | **-6 820** |
| **UTGIFTER** | | | |
| Lønsutgifter | 1 024 | 700 | 569 |
| Sosiale utgifter | 244 | 220 | 115 |
| Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal e | 76 782 | 36 380 | 14 676 |
| Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenpro | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar | 18 033 | 150 | 3 501 |
| Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter | 0 | 0 | 0 |
| Fordelte utgifter | 0 | 0 | 0 |
| **Sum utgifter** | **96 083** | **37 450** | **18 861** |
| **FINANSIERINGSTRANSAKSJONER** | | | |
| Avdragsutgifter | 0 | 900 | 635 |
| Utlån | 0 | 0 | 11 418 |
| Kjøp av aksjar og andelar | 520 | 480 | 441 |
| Dekking av tidligere års udekket | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 0 | 0 | 150 |
| Avsetningar til bundne investeringsfond | 0 | 0 | 606 |
| **Sum finansieringstransaksjoner** | **520** | **1 380** | **13 250** |
| **Finansieringsbehov** | **78 570** | **28 080** | **25 292** |
| **FINANSIERING** | | | |
| Bruk av lån | -78 050 | -20 215 | -18 877 |
| Mottekne avdrag på utlån | 0 | -900 | -1 231 |
| Salg av aksjar og andelar | 0 | 0 | 0 |
| Overføringar frå driftsrekneskap | -520 | -6 965 | -2 782 |
| Bruk av tidlegare års udisponert | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bunde driftsfond | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | -2 402 |
| **Sum finansiering** | **-78 570** | **-28 080** | **-25 292** |
| **Udekket / Udisponert** | **0** | **0** | **0** |

TYSNES KOMMUNE
INVESTERINGSPROGRAM 2014 - 2017
DATO UTARBEIDET : 17.12.2013

| Prosjekt / investeringsobjekt | *2014-2017* *Total Investering eks. mva inkl. tilskot* | Budsjett 2014 Netto eigeninvestering 2014 | Berekna tilskot | Netto investering inkl. tilskot | Berekna lønskost i kr | Netto investering eks. eigeninnsats | Berekna mva | Brutto investering til innlesing |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Administrajon og fellesfunksjonar** | | | | | | | | |
| IKT - Felles adm. | *720 000* | 400 000 | - | 400 000 | 71 000 | 329 000 | 82 250 | 482 250 |
| Lese- / Nettbrett politikarane | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Ny heimeside | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Eigenkapitatilskot KLP | *2 200 000* | 520 000 | - | 520 000 | - | 520 000 | - | 520 000 |
| Nytt økonomisystem | *280 000* | 280 000 | - | 280 000 | - | 280 000 | 70 000 | 350 000 |
| Brannsikring helse / sos | *360 000* | 360 000 | - | 360 000 | - | 360 000 | 90 000 | 450 000 |
| Ny brannbil | *2 000 000* | 2 000 000 | - | 2 000 000 | - | 2 000 000 | - | 2 000 000 |
| Nødnett | *180 000* | 180 000 | - | 180 000 | - | 180 000 | 45 000 | 225 000 |
| Ombygging rådhuset 2013 | *4 800 000* | 4 800 000 | - | 4 800 000 | - | 4 800 000 | 1 200 000 | 6 000 000 |
| ***Sum adm. og fellesfunk.*** | ***10 540 000*** | ***8 540 000*** | ***-*** | ***8 540 000*** | ***71 000*** | ***8 469 000*** | ***1 487 250*** | ***10 027 250*** |
| **Bustad og næring** | | | | | | | | |
| Grunnkjøp | *1 000 000* | 250 000 | - | 250 000 | - | 250 000 | - | 250 000 |
| Bustadfelt | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Kommunale bustader | *1 600 000* | 1 600 000 | - | 1 600 000 | - | 1 600 000 | - | 1 600 000 |
| ***Sum bustad / næring*** | ***2 600 000*** | ***1 850 000*** | ***-*** | ***1 850 000*** | ***-*** | ***1 850 000*** | ***-*** | ***1 850 000*** |
| **Skular og barnehagar** | | | | | | | | |
| Ombygging Tysnes skule | *62 600 000* | 2 600 000 | - | 2 600 000 | 165 000 | 2 435 000 | 608 750 | 3 208 750 |
| Rehabilitering Tysnes skule | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Ny barnehage Reiso | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Mellombels barnehage Reiso | *5 000 000* | - | - | - | - | - | - | - |
| "Ny" barnehage Vågsmarka | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Rehabilitering barnehage Vågsmarka | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ***Sum skular og barnehagar*** | ***67 600 000*** | ***2 600 000*** | ***-*** | ***2 600 000*** | ***165 000*** | ***2 435 000*** | ***608 750*** | ***3 208 750*** |

18

| Prosjekt / investeringsobjekt | *Total Investering eks. mva inkl. tilskot* | Netto eigeninvestering 2014 | Berekna tilskot | Netto investering inkl. tilskot | Berekna lønskost i kr | Netto investering eks. eigeninnsats | Berekna mva | Brutto investering til innlesing |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Helse og sosial** | | | | | | | | |
| Omsorgssenter Byggetrinn 1 | *68 000 000* | 50 000 000 | - | 50 000 000 | 412 000 | 49 588 000 | 12 397 000 | 62 397 000 |
| Omsorgsbustader 15 stk byggetrinn 2 | - | - | - | - | - | - | - | - |
| PU - bustader | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Bufellesskap PU, byggetrinn 2 | *8 000 000* | - | - | - | - | - | - | - |
| Oppgradering 2000 bygget til omsorgsbustader | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ***Sum helse og sosial*** | ***76 000 000*** | ***50 000 000*** | **-** | ***50 000 000*** | ***412 000*** | ***49 588 000*** | ***12 397 000*** | ***62 397 000*** |
| **Kultur og idrett** | | | | | - | - | - | - |
| Skianlegg Solheimsdalen | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Friplassen Tysnes skule | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Ombygging garderober svømmehall | *800 000* | 800 000 | - | 800 000 | - | 800 000 | 200 000 | 1 000 000 |
| ***Sum kultur og idrett*** | ***800 000*** | ***800 000*** | **-** | ***800 000*** | **-** | ***800 000*** | ***200 000*** | ***1 000 000*** |
| **Veg-, park- og kaianlegg** | | | | | | | | |
| Kommunale veger | *160 000* | - | - | - | - | - | - | - |
| Veg Vågsmarka (Windsor) | *600 000* | 600 000 | - | 600 000 | - | 600 000 | 150 000 | 750 000 |
| Fjellsikring | *80 000* | 80 000 | - | 80 000 | - | 80 000 | 20 000 | 100 000 |
| Flaumsikring | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Trafikksikring | *120 000* | 40 000 | - | 40 000 | - | 40 000 | 10 000 | 50 000 |
| Kai Heningen | *8 400 000* | 8 000 000 | - | 8 000 000 | - | 8 000 000 | 2 000 000 | 10 000 000 |
| Kommunale kaier | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Apalevika badeplass | *100 000* | 100 000 | - | 100 000 | - | 100 000 | 25 000 | 125 000 |
| ***Sum veg-, park- og kaianl.*** | ***9 460 000*** | ***8 820 000*** | **-** | ***8 820 000*** | **-** | ***8 820 000*** | ***2 205 000*** | ***11 025 000*** |
| **Andre bygg og anlegg** | | | | | | | | |
| Mobildekning | *160 000* | 160 000 | - | 160 000 | - | 160 000 | 40 000 | 200 000 |
| Andre bygg / anlegg | *240 000* | 240 000 | - | 240 000 | - | 240 000 | 60 000 | 300 000 |
| Næringsareal Vågsmarka | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ***Sum andre bygg / anlegg*** | ***400 000*** | ***400 000*** | **-** | ***400 000*** | **-** | ***400 000*** | ***100 000*** | ***500 000*** |

| Prosjekt / investeringsobjekt | *Total Investering eks. mva inkl. tilskot* | Netto eigeninvestering 2014 | Berekna tilskot | Netto investering inkl. tilskot | Berekna lønskost i kr | Netto investering eks. eigeninnsats | Berekna mva | Brutto investering til innlesing |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Utstyr , kart og IKT** | | | | | | | | |
| Aggregat rådhuset | *160 000* | 160 000 | - | 160 000 | - | 160 000 | 40 000 | 200 000 |
| Lastebil | *800 000* | 800 000 | - | 800 000 | - | 800 000 | - | 800 000 |
| Lager/garasje Eredalen | *160 000* | 160 000 | - | 160 000 | - | 160 000 | 40 000 | 200 000 |
| Inventar kommunale bygg | *160 000* | 80 000 | - | 80 000 | - | 80 000 | 20 000 | 100 000 |
| GIS - utvikling | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Utstyr oppmåling | - | - | - | - | - | - | - | - |
| Adressering | *960 000* | 920 000 | - | 920 000 | 620 000 | 300 000 | 75 000 | 995 000 |
| Ultralyd apparat helseavd. | - | - | - | - | - | - | - | - |
| ***Sum utstyr, kart og IKT*** | ***2 240 000*** | ***2 120 000*** | ***-*** | ***2 120 000*** | ***620 000*** | ***1 500 000*** | ***175 000*** | ***2 295 000*** |
| **Avløpsanl. - sjølvfinans** | | | | | | | | |
| Kloakk Uggdal | *4 800 000* | 3 200 000 | - | 3 200 000 | - | 3 200 000 | 800 000 | 4 000 000 |
| Resipientundersøkelse | *240 000* | - | - | - | - | - | - | - |
| Revisjon av hovudplanar | *240 000* | 240 000 | - | 240 000 | - | 240 000 | 60 000 | 300 000 |
| ***Sum avløpsanlegg*** | ***5 280 000*** | ***3 440 000*** | ***-*** | ***3 440 000*** | ***-*** | ***3 440 000*** | ***860 000*** | ***4 300 000*** |

| Prosjekt / investeringsobjekt | *Total Investering eks. mva inkl. tilskot* | Netto eigeninvestering 2014 | Berekna tilskot | Netto investering inkl. tilskot | Berekna lønskost i kr | Netto investering eks. eigeninnsats | Berekna mva | Brutto investering til innlesing |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **SAMANDRAG** | | | | | | | | |
| Adm. / fellesfunksjonar | *10 540 000* | 8 540 000 | - | 8 540 000 | 71 000 | 8 469 000 | 1 487 250 | 10 027 250 |
| Bustad og næring | *2 600 000* | 1 850 000 | - | 1 850 000 | - | 1 850 000 | - | 1 850 000 |
| Skular og barnehagar | *67 600 000* | 2 600 000 | - | 2 600 000 | 165 000 | 2 435 000 | 608 750 | 3 208 750 |
| Helse og sosial | *76 000 000* | 50 000 000 | - | 50 000 000 | 412 000 | 49 588 000 | 12 397 000 | 62 397 000 |
| Kultur og idrett | *800 000* | 800 000 | - | 800 000 | - | 800 000 | 200 000 | 1 000 000 |
| Veg, park og kaianlegg | *9 460 000* | 8 820 000 | - | 8 820 000 | - | 8 820 000 | 2 205 000 | 11 025 000 |
| Andre bygg og anlegg | *400 000* | 400 000 | - | 400 000 | - | 400 000 | 100 000 | 500 000 |
| **Sum eksklusive utstyr** | ***167 400 000*** | **73 010 000** | **-** | **73 010 000** | **648 000** | **72 362 000** | **16 998 000** | **90 008 000** |
| Utstyr, kart og IKT | *2 240 000* | 2 120 000 | - | 2 120 000 | 620 000 | 1 500 000 | 175 000 | 2 295 000 |
| **Sum inklusive utstyr** | ***169 640 000*** | **75 130 000** | **-** | **75 130 000** | **1 268 000** | **73 862 000** | **17 173 000** | **92 303 000** |
| Avløpsanlegg (sjølvfinans) | *5 280 000* | 3 440 000 | - | 3 440 000 | - | 3 440 000 | 860 000 | 4 300 000 |
| **Sum investeringar** | ***174 920 000*** | **78 570 000** | **-** | **78 570 000** | **1 268 000** | **77 302 000** | **18 033 000** | **96 603 000** |

## REKNESKAP 2013 - Kontrollutvalet og revisjon Tysnes kommune

| Konto | Kontonamn | 2013 - verkeleg | 2013 - budsjett | 2014 - budsjett |
|---|---|---|---|---|
| 10800 | Godtgjersle folkevalde | 17 366 | 15 500 | 15 500 |
| 10990 | Arbeidsgjevaravgift | 2 449 | 4 000 | 4 000 |
| 11001 | Abonnement og faglitteratur | - | 6 000 | 6 000 |
| 11150 | Matvarer | 870 | 1 500 | 1 500 |
| 11500 | Opplæring/ kursutgifter | - | 15 000 | 20 000 |
| 11600 | skyss- og kostgodtgjering | 551 | 10 000 | 10 000 |
| 11955 | Kontingentar | 1 550 | 1 100 | 1 300 |
| 12700 | Konsulentteneste | - | 30 000 | 30 000 |
| 13301 | Kjøp av sekretærteneste | 87 210 | 102 000 | 106 000 |
| 13500 | Kjøp frå kommunar | 90 409 | - | |
| 13700 | Kjøp av tenester frå private | 454 758 | 511 000 | 530 000 |
| 14290 | Betalt mva - komskompensasjon | 135 492 | 169 400 | 170 500 |
| 17290 | Momsrefusjon drift | -135 492 | -169 400 | -170 500 |
| 17900 | Internsal | -16 300 | -16 300 | -16 300 |
| **Totalsum** | | **638 862** | **679 800** | **708 000** |

***Merknad :***

*13500 - Kjøp frå kommunar* : Beløp på kr. 90 409 i 2013 er sluttoppgjer på pensjonsforplikting i Midthordland Revisjonsdistrikt

# SAKSFRAMLEGG
## Tysnes kommune

### TYSNES KOMMUNE - REGLEMENT FOR FINANSFORVALTING

Sakshandsamar: Rolf Johan Lunde

Arkivsak : 12/331 -
Arkivkode: 100

**Vedlegg: 1. Reglement fro finansforvalting – utkast til ny revisjon**

**SAKSUTGREIING:**

Rådmannen føreslår nokre endringar i gjeldande finansreglement for Tysnes kommune.

Bakgrunnen for dette er å betra nokre av måleparametra i reglementet, samt å gjera reglementet noko enklare.

Fylgjande endring vert føreslått:

**Krav til hovudbankforbindelse (kap. 6) :**

Det vert i nytt forslag stilt krav til soliditet, basert på målemetodar i Basel-direktiva. Basel-direktiva vert nytta av Finanstilsynet, der det i desse vert innført standardar for kapital- og likviditetsstyring i kredittinstitusjonar og verdiføretak.

I noverande reglement vert det stilt krav til størrelse og kredittrating for hovudbankforbindelse. I det nye forslaget vert det i staden fokusert på god kapitaldekning og sikkerhet (minimum 12,5 %). I bankane si rapportering framover vil dette nøkkeltalet vera sentralt (jfr. Basel).

**Innskot i bank (kap.6.1) :**

Det vert opna opp for større innskot (maks 5 millionar kroner) kan ha ei oppseiingstid opp til 30 dagar.

**Felles plasseringsavgrensinger (kap. 6.3) :**

Det vert føreslått at kommunen sine samla innskot i bank/kredittinstitusjon ikkje skal utgjera meir enn 5% av institusjonen sin forvaltningskapital (tidlegare 2%). Denne lempinga må sjåast opp i mot auka krav til soliditet frå kapitlet ovanfor.

**Val av rentebindingsperiode (kap. 7.5) :**

Absolutt krav til vekta durasjon (1-5 år) på rentebinding vert teke bort, ettersom det allereie i det innleiande punktet vert stilt krav til spreiing av renteregulering og forfall.
Vidare vert maksimal størrelse på einskild lån teke bort.

**Krav til rapportering :**

Skjema for rapportering er tilpassa endringsforslaga.

**INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Utkast til ny revisjon av gjeldande reglement for finansforvalting vert vedteke.

# TYSNES KOMMUNE

# REGLEMENT FOR

# FINANSFORVALTING

**Vedteke i Tysnes kommunestyre 22. juni 2010**
**Revidert i Tysnes kommunestyre 26. april 2012**
**Utkast ny revisjon 28.01.2014**

1. Finansreglementet sitt verkeområde ..... 2
1.1 Målet med reglementet ..... 2
1.2 Kven reglementet gjeld for ..... 2
2. Heimel og gyldigheit ..... 2
2.1 Heimel ..... 2
2.2 Gyldigheit ..... 2
3. Forvalting og forvaltingstypar ..... 2
4. Føremålet med kommunen si finansforvalting ..... 2
5. Generelle rammer og avgrensingar ..... 3
6. Forvalting av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt driftsføremål. ..... 3
6.1. Innskot i bank ..... 4
6.2. Delar i pengemarknadsfond ..... 4
6.3. Felles plasseringsavgrensinger ..... 4
6.4. Rapportering ..... 4
7. Forvalting av kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar ..... 5
7.1. Vedtak om opptak av lån ..... 5
7.2. Val av låneinstrument ..... 6
7.3. Tidspunkt for låneopptak ..... 6
7.4. Konkurrerande tilbod ..... 6
7.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument ..... 6
7.6. Storleik på enkelt lån – spreiing av låneopptak ..... 6
7.7. Rapportering ..... 6
8. Forvalting av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva ..... 7
8.1 Føremål ..... 7
8.2 Investeringsrammer ..... 7
8.3 Etiske retningsliner ..... 8
9. Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko ..... 8
9.1 Konstatering av avvik ..... 8
9.2 Risikovurderingar ..... 8
9.3 Kvalitetssikring ..... 9

# 1. Finansreglementet sitt verkeområde

## 1.1 Målet med reglementet

Reglementet skal gje rammer og retningslinjer for finansforvaltinga til kommunen. Reglementet er ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld. Reglementet definerer kva for avkastings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvalting av likvide midlar og midlar tiltenkt driftsføremål, opptak av lån/gjeldsforvalting og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

## 1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Tysnes kommune.

# 2. Heimel og gyldigheit

## 2.1 Heimel

Dette reglementet er utarbeidd på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 52
- Ny føreskrift om finansforvalting i kommunar og fylkeskommunar lovfesta av KRD 9. juni 2009 (FOR 2009-06-09 nr 635).

## 2.2 Gyldigheit

- Reglementet trer i kraft frå og med 01.07.2010. Finansreglementet skal verta vedteke minst ein gong i kvar kommunestyreperiode.
- Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglar og instruksar som kommunestyret eller andre politiske organ har vedteke for finansforvaltinga i Tysnes kommune.

# 3. Forvalting og forvaltingstypar

I samsvar med vedtaka i føreskrifta om finansforvalting i kommunar og fylkeskommunar skal reglementet gjelda for forvaltninga av alle kommunen sine finansielle aktiva (plasseringar) og passiva (gjeld med renter). Med dette finansreglementet er det vedteke mål, strategiar og rammer for:

- Forvalting av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt til driftsføremål.
- Forvalting av kommunen si gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar
- (Plassering og forvalting av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva.)

# 4. Føremålet med kommunen si finansforvalting

Finansforvaltinga har som overordna føremål å sikra ei *rimeleg avkasting* og *stabile* og *låge netto finansieringskostnadar* for kommunen sine aktivitetar innanfor *definerte risikorammer*.

Dette freistar ein å oppnå ved følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrettar) til å dekke løpande plikter.Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkasting innanfor definerte krav til likviditet og risiko, med omsyn til tidsperspektiv på plasseringane.
- Lånte midlar skal over tid gje så låge totalkostnadar som råd er innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko, når det er teke omsyn til trongen for kunne sei noko om framtidige lånekostnadar.
- Dersom kommunen har langsiktige finansielle aktiva, skal forvaltinga av desse gje ei god langsiktig avkasting til akseptabel risiko som over tid skal bidra til å gje innbyggjarane i kommunen så godt tenestetilbod som råd er.

## 5. Generelle rammer og avgrensingar

- Kommunestyret skal sjølv gjennom fastsetjing av dette finansreglementet , ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkasting og vesentleg finansielle risiko, jfr. kommunelova §52.
- Reglementet skal byggja på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle marknadar og instrument.
- Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltinga, medrekna kva som vert halde for langsiktige finansielle aktiva. Som rådmann har ein ei sjølvpålagt plikt til å utgreia og leggja fram saker som vert rekna som prinsipielle for kommunestyret.
- Rådmannen skal til ei kvar tid vurdera om reglementet sine rammer og avgrensingar er eigna, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltinga vert utøvd forsvarleg i høve til dei risikoane kommunen er utsett for.
- Det er rådmannen sitt ansvar å inngå avtalar i samsvar med dette reglementet.
- Det kviler på rådmannen, med heimel i dette finansreglement, å utarbeida nødvendige fullmakter/instruksar/rutinar for dei einskilde forvaltningsformer.
- Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillete å bruka gjennom dette reglementet, kan ikkje verta nytta i finansforvaltinga til kommunen.

Plassering av Tysnes kommune sine midlar i verdipapir, skal skje i samsvar med etiske kriterium. Kriteria er skildra under plassering av langsiktige finansielle aktiva, pkt 8.3. Så langt det er praktisk råd, skal desse etiske kriteria også gjelda for plasseringar i verdipapirfond.

Konkrete rammer for forvalting både av kommunen sine midlar til driftsføremål (inkl. ledig likviditet), gjeldsporteføljen og langsiktige finansielle aktiva ,vert omtala i fortsetjinga kvar for seg.

## 6. Forvalting av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt driftsføremål.

Kommunen sine midlar til driftsføremål (medrekna ledig likviditet) kan verta plassert i bankinnskot, pengemarknadsfond og renteberande verdipapir med kort løpetid. Alle plasseringar skal verta gjort i norske kroner (NOK).

Kommunen kan inngå rammeavtale for å ivareta det faste behovet for banktenester. Ved val av hovudbankforbindelse vert det reist krav om minimum kapitaldekning på 12,5%.

Driftslikviditeten til kommunen skal plasserast i hovudbanken til kommunen, eventuelt supplert med innskot i andre spare- eller forretningsbankar der kapitaldekninga er minimum 12,5%.

Overskotslikviditet (dvs. ledig likviditet etter at estimerte utbetalingar dei nærmaste 3 månadene er trekt i frå), kan verta plassert etter følgjande retningslinjer :

**6.1. Innskot i bank**

For bankinnskot gjeld følgjande avgrensingar:

a) Tidsbinding kan ikkje verta avtalt for ein periode på meir enn 12 månader
b) Eit enkelt innskot med tidsbinding utover 30 dagar kan ikkje utgjera meir enn NOK 5 mill

**6.2. Delar i pengemarknadsfond**

For plassering i pengemarknadsfond gjeld følgjande:

a) Midlar kan berre verta plassert i fond styrde av selskap med god bredde på verdipapirforvalting og som inngår som del av ein godteken institusjon/finanskonsern.
b) Ingen av fondet sine enkeltpapir skal ha lågare kredittrating enn BBB- ("investment grade"), eller dei skal vera vurdert av forvaltar til å ha minimum tilsvarande kredittkvalitet.
c) Midlar kan ikkje verta plassert i pengemarknadsfond som inneheld industriobligasjonar, ansvarlege lån eller fondsobligasjonar.
d) Det skal ikkje vera avgrensingar på retten på uttak i fonda som vert nytta, og midla skal alltid vere tilgjengelege på få dagar.
e) Samla gjennomsnittleg løpetid for kreditten (kredittdurasjonen) i eit einskild pengemarknadsfond skal ikkje vera meir enn 1,5 år.

**6.3. Felles plasseringsavgrensinger**

- Kommunen sine samla innskot i bankar /kredittinstitusjonar (inkl. direkte eige av verdipapir utferda eller garantert av institusjonen) skal ikkje vera meir enn 5% av institusjonen sin forvaltingskapital
- Kommunen sin eigardel i eit pengemarknadsfond skal ikkje vera over 5 % av forvaltingskapitalen til fondet.

**6.4. Rapportering**

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august, leggja fram rapportar for kommunestyret som viser status for forvaltinga av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt driftsføremål. I tillegg skal rådmannen etter utgangen av året leggja fram ein rapport for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapportane skal ta utgangspunkt i følgjande tabell:

| | 31.12.201x-1 | | 30.04.201x | | 31.08.201x | | 31.12.201x | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Mill NOK | % | Mill NOK | % | Mill NOK | % | Mill NOK | % |
| Innskot Hos hovudbankforbindelse | | | | | | | | |
| Andelskapital i pengemarknadsfond | | | | | | | | |
| Fond 1 | | | | | | | | |
| Fond 2 | | | | | | | | |
| ? | | | | | | | | |
| Innskot i andre banker | | | | | | | | |
| Direkte eige av verdipapir | | | | | | | | |
| **Samla kortsiktig likviditet** | | **100 %** | | **100 %** | | **100 %** | | **100 %** |
| **Avkasting sidan 31.12.201x-1** | | | ? | | ? | | ? | |
| | | | | | | | | |
| | | | | | | | | |
| Stadfesting på enkelteksponering ≤ 5 % av forvaltingskapital | | | | | | | | |
| Stadfesting på fondseksponering ≤ 5 % av forvaltningskapital | | | | | | | | |
| Stadfesting på enkeltpapir ≤ 12 månadars løpetid | | | | | | | | |
| Største tidsinnskot | NOK ? mill | | NOK ? mill | | NOK ? mill | | NOK ? mill | |
| Største enkeltpapirplassering | NOK ? mill | | NOK ? mill | | NOK ? mill | | NOK ? mill | |

Rapporten skal i tillegg opplysa om følgjande:

- Rådmannen sine kommentarar knytt til samansetning, rentevilkår/avkasting, vesentlige marknadsendringar og endring i risikoeksponering.
- Rådmannen si skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvalting og risikorammene i finansreglementet.

## 7. Forvalting av kommunen sin gjeldsportefølje og andre finansieringsavtalar

### 7.1. Vedtak om opptak av lån

Kommunestyret fattar vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Slike vedtak skal som minimum angi:

- Lånesum
- Nedbetalingstid

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak skal det verta gjennomført låneopptak, medrekna godkjenning av lånevilkår, og elles forvalting av kommunen sine innlån etter dei

retningsliner som er i dette reglementet, og i tråd med avgjerdene i Kommunelova sin § 50 om låneopptak.

Det kan også verta teke opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld.

**7.2. Val av låneinstrument**

Det kan berre verta teke opp lån i norske kroner.

Lån kan verta teke opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, samt i livselskap.

**7.3. Tidspunkt for låneopptak**

Låneopptaka skal verta vurdert opp mot trongen for likviditet, det vedtekne investeringsbudsjettet , forventingar om den framtidige renteutviklinga og generelle marknadstilhøve.

**7.4. Konkurrerande tilbod**

Låneopptaka skal ein freista å få gjennomført til dei beste vilkåra på marknaden. Det skal innhentast minst 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle lånegjevarar. Ein kan vika frå dette prinsippet ved låneopptak i statsbank (f.eks etableringslån i Husbanken).

**7.5. Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument**

Styringa av låneporteføljen skal skje ved å optimalisera låneopptak og rentebindingsperiode i høve til oppfatningar om renteutviklinga i framtida og innan eit akseptabelt risikonivå gitt eit overordna ynske om førehandsvurdering og stabilitet i lånekostnadar.

Forvaltinga bør verta lagt opp med tanke på følgjande;

a) Refinansieringsrisikoen skal verta redusert ved å spreia tidspunkt for renteregulering/forfall
b) Minimum 20 % av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år), minimum 20 % skal ha fast rente, medan 60 % skal verta vurdert ut frå marknadssituasjonen.

**7.6. Storleik på enkelt lån – spreiing av låneopptak**

Forvaltinga vert lagt opp med tanke på følgjande;

a) Låneporteføljen skal ha så få lån som råd er, likevel slik at refinansieringsrisikoen ved ordinære låneforfall vert avgrensa.
b) Under elles like tilhøve vil det vera tilrådeleg at kommunen fordeler låneopptaka på fleire lånegjevarar.

**7.7. Rapportering**

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30. april og per 31. august rapportera på status for gjeldsforvaltinga. I tillegg skal rådmannen etter utgangen av året rapportera til kommunestyret med tanke på utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Rapportane skal ta utgangspunk i følgjande tabell:

| | 31.12.201x-1 | | | 30.04.201x | | | 31.08.201x | | | 31.12.201x | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Mill NOK | % | Dur. | Mill NOK | % | Dur. | Mill NOK | % | Dur. | Mill NOK | % | Dur. |
| Lån med pt rente | | | | | | | | | | | | |
| Lån med NIBOR basert rente | | | | | | | | | | | | |
| Lån med fast rente | | | | | | | | | | | | |
| Rentebyteavtalar: | | | | | | | | | | | | |
| Avtalar med mottekne renter | | - | | | | | | | | | | |
| Avtalar med avgjevne renter | | + | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Samla langsiktig gjeld** | | **100 %** | | | **100 %** | | | **100 %** | | | **100 %** | |
| **Effektiv rentekostnad sidan 31.12.201x-1** | | | | | **?** | | | **?** | | | **?** | |
| | | | | | | | | | | | | |
| Tal "løpande" enkelt lån | | | | | | | | | | | | |
| Største enkelt lån | NOK ? mill | | | NOK ? mill | | | NOK ? mill | | | NOK ? mill | | |

For gjeldsforvaltinga skal det i tillegg verta rapportert om følgjande:

- Opptak av nye lån i førre tertial
- Om utførte FRA´er og SWAP kontraktar i førre kvartal
- Refinansiering av eldre lån i førre tertial
- Rådmannen sine kommentarar knytt til endring i risikoeksponering, attverande rentebinding og rentevilkår i høve til den økonomiske situasjon til kommunen og situasjonen i lånemarknaden, samt førestående finansierings-/refinansieringsbehov
- Rådmannen si skildring og vurdering av avvik mellom faktisk forvalting og risikorammene i finansreglementet.

## 8. Forvalting av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

### 8.1 Føremål

Forvalting av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva har som føremål å sikra ei langsiktig avkasting som kan medverka til å gje innbyggjarane i Tysnes kommune eit godt tenestetilbod. Det vert styrd etter ein rullerande investeringshorisont på 5 år, samstundes som ein søkjer ein rimeleg årleg bokført avkasting.

### 8.2 Investeringsrammer

Tysnes kommune har ***ikkje*** rammer for plassering av langsiktige finansielle aktiva.

Dersom kommunen på eit seinare tidspunkt har til mål å etablera forvalting av langsiktige finansielle aktiva, vil dette finansreglement verta oppjustert med nødvendige og

tilstrekkjelege rammer og retningsliner for ei slik forvalting. Det endra finansreglement vil verta vedteke av kommunestyret før oppstart av forvalting av langsiktige finansielle aktiva.

### 8.3 Etiske retningsliner

Dei etiske retningslinene som til ei kvar tid er gjeldande for Statens Pensjonsfond Utland, skal vera retningsgjevande for Tysnes kommune si etiske handtering av kapitalforvaltinga.

Desse retningslinene medfører mellom anna at selskap som produserer særleg inhumane våpen skal verta utelukka frå porteføljen. Vidare skal selskap verta utelukka dersom det er tydeleg uakseptabel risiko for at kommunen gjennom sine investeringar medverkar til:

- Grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane, som til dømes drap, tortur, tap av fridom, tvangsarbeid, utnytting og annan utbytting av born
- Alvorlege krenkingar av individa sine rettar i krig eller konfliktsituasjonar, alvorleg miljøskade, grov korrupsjon og andre særleg grove brot på grunnleggjande etiske normer .

Tysnes kommune har ansvar for at samarbeidande forvaltarar er informert om både forvaltingsrammer og etiske retningsliner i kommunen sitt Reglement for finansforvalting. Det er Tysnes kommune sitt mål at kapital ikkje vert plassert i selskap med ein uakseptabel etisk profil, og at det difor vert valt forvaltarar som tek omsyn til dei etiske sidene ved val av sine investeringar.

Dersom kommunen blir gjort merksam på at det hos ein forvaltar er plasseringar i selskap med ein uakseptabel etisk profil, skal dette verta teke opp til diskusjon med forvaltaren med tanke på at nemnde plasseringar gjort av forvaltaren, vert avslutta , eller at kommunen trekkjer seg ut av det aktuelle produktet hos forvaltaren.

## 9. Konstatering av avvik og vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

### 9.1 Konstatering av avvik

Ved konstatering av avvik mellom faktisk finansforvalting og finansreglementet sine rammer, skal slikt avvik straks verta lukka. Avviket slik det har kome fram, og eventuelt økonomisk konsekvens av avviket dersom dette er større enn NOK 10 mill, skal utan ugrunna opphald verta rapportert til kommunestyret saman med forslag til rutineendringar som vil redusera sannsynet for slike avvik i framtida.

Dersom den konstaterte økonomiske konsekvensen av avviket er mindre enn NOK 10 mill, kan slik rapportering venta til neste ordinære finansrapportering til kommunestyret.

### 9.2 Risikovurderingar

Det skal til kvar rapportering til kommunestyret verta gjort følgjande risikovurderingar , kvar for seg :

- Renterisikoen for plasseringar av ledig likviditet og andre midlar tiltenkt driftsføremål og gjeldsporteføljen sett i samanheng,
    - Ei "netto" gjeldsvurdering som viser renterisikoen til kommunen med tanke på rekneskapet, gjeve i NOK ved ein %-del generell endring i rentekurva.

**9.3 Kvalitetssikring**

Finansforskrifta pålegg kommunestyret å la uavhengig kompetanse vurdera om finansreglementet legg rammer for ei finansforvalting som er i tråd med kommunelova sine reglar og reglane i finansføreskrifta. I tillegg skal uavhengig kompetanse vurdera rutinane for vurdering og handtering av finansiell risiko, og rutinar for å avdekkja avvik frå finansreglementet.

Rådmannen vert pålagt ansvaret for at slike eksterne vurderingar vert innhenta.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal skje ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedteke nytt og endra finansreglement. I denne samanheng skal det også verta rapportert om utført kvalitetssikring av rutinane.

Tysnes kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033

Arkivnr: 2014/249-1

Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Kontrollutvalet i Tysnes kommune | 9/14 | 03.03.2014 |

# Gjennomgang av møteprotokollar

Bakgrunn for saka:
Møteprotokollane er å finna på Tysnes kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særlig interesse.

Det er tidlegare gjort vedtak om ansvar for gjennomgang av møteprotokollar, med fordeling på kontrollutvalsmedlemmane:

- Kommunestyret Magne Fauskanger
- Formannskapet Tine Sofie Stensland
- Oppvekst / omsorg Annette Haugsgjerd
- Landbruk / teknisk Steinar Frugård

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Aktuelle møteprotokollar vil vera:

- Kommunestyret: 17.12.13 og 18.02.14
- Formannskapet: 12.11.13, 26.11.13, 03.12.13, 17.12.13 og 05.02.14
- Oppvekst og Omsorg: 12.11.13 og 04.02.14
- Landbruk og teknisk: 12.11.13, 03.12.13 og 04.02.14

## Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: kari.nygard@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Marie Nygard
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

PS 10/14 Eventuelt